

Innspel Høyringsperiode

30.06.2020 – 07.09.2020

Innhald:

- Innspel til Planprogrammet s. 3
 - Offentlege instansar s. 3 – 38
 - Foreiningar s. 39 – 57
 - Bedrifter s. 58 – 63
 - Privatpersonar s. 64 – 74
- Innspel til Arealdelen s. 75
 - Bedrifter s. 76 – 100
 - Privatpersonar s. 101 – 142
- Innspel etter svarfristen s. 143
 - Foreiningar s. 144 – 155
 - Privatpersonar s. 156 – 170

Innspel til Planprogrammet

s. 2 - 74

I rekkefølge:

- Offentlege instansar s3
 - Fylkesmannen i Vestland s. 4 – 14
 - Kystverket s. 15 – 16
 - Direktoratet for mineralforvaltning s. 17 – 18
 - Fiskeridirektoratet s. 19 – 23
 - Statens vegvesen s. 24 – 25
 - Vestland fylkeskommune s. 26 – 37
 - DSB s. 38
- Foreiningar s. 39
 - Sunnhordland Fiskarlag s. 40 – 41
 - Sunnhordland Fiskarlag s. 42 – 44
 - Goddo Grendalag s. 45
 - Bømlo Næringsråd s. 46 – 47
 - Jordvern Bømlo s. 48 – 49
 - Langevåg Utvikling s. 50 – 55
 - Norwegian Marine & Energy Complex s. 56 – 57
- Bedrifter s. 58
 - Engevik & Tislevoll a.s. s. 59
 - Eidesvik Havfiske as s. 60 – 61
 - Bremnes Seashore s. 62 – 63
- Privatpersonar s. 64
 - Bernt Emil Vika s. 65
 - Emil Eidesvik s. 66
 - Endre Barane s. 67
 - Hans Wilhelm Vedøy m.fl. s. 68
 - Ståle Vorland s. 69
 - Arild Ingvaldsen s. 70
 - Ivar Barane s. 71
 - Vidar Vedå v/Gøtz AS s. 72 – 74

Offentlege instansar



Vår dato:
31.08.2020

Vår ref:
2020/10769

Dykkar dato:
30.06.2020

Dykkar ref:
15/1538

Bømlo kommune
Leirdalen 1
5430 BREMNES

Saksbehandlar, innvalstelefon
Arve Meidell, 5557 2110

Fråsegn - Offentleg ettersyn - Planprogram - Bømlo - rullering av kommuneplanen sin arealdel - 2020 - 2035

Vi viser til brev av 30.06.2020 vedkommande offentleg ettersyn/høyring av planprogrammet for rullering av kommuneplanens arealdel (KPA) for Bømlo kommune med uttalefrist 07.09.2020. Vidare viser vi òg til møte og innspel (inkl. referat) i møte i regionalt planforum 28.01.2020.

Planprogrammet skildrar korleis kommunen ønskjer å leggje opp arbeidet med å lage ny arealdel av kommuneplanen inklusive organisering, handsaming, rammer og tema for arbeidet, i tillegg til kva som er føremålet med planarbeidet. Kommunen skriv i planprogrammet at det er behov for gjennomgang av arealbruken i gjeldande arealdel (2013-2025), særleg i strandsona. M.a. er det behov for å:

- fastsetje i kva område det er plankrav ved utbygging i naustområde
- presisere i planførersegnene at kommuneplanen gjeld framfor eldre reguleringsplanar når det er motstrid mellom planar
- generelt presisere og klargjere føresegnene til kommuneplanen

Føremålet med arbeidet er elles å følgje opp føringane i planstrategien og kommuneplanens samfunnsdel for å gjere kommuneplanens arealdel til eit betre og meir effektivt styringsverktøy.

Av kommuneplanens samfunnsdel som vart vedteke i 2019, går det fram at FNs berekraftsmål skal vere gjennomgåande Bømlo kommune sitt planverk. Arealforvaltinga er ein viktig faktor for å kunne nå fleire av desse måla.

Gjennom samfunnsdelen har kommunen fastsett tre grunnleggande planprinsipp:

- All planlegging skal vera berekraftig med omsyn på klima, sosialt liv og økonomi
- All planlegging skal vera helsefremjande

FNs BÆREKRAFTSMÅL





- All planlegging skal legge «føre var»-prinsippet til grunn

Og vidare peikt ut fire hovudutfordringar:

- Tilflytting, rekruttering og inkludering
- Naturbasert kystliv
- Bustadkvaliteter
- Differensiert og nyskapande næringsliv

Alle kapitla i samfunnssdelen inneholder matriser med mål og strategiar («slik vil me ha det», «slik gjer me det») inklusive strategiar/konsekvensar som er sentrale å følgje opp i ny KPA.

Fylkesmannen si tilbakemelding på planprogrammet og arbeidet med ny arealdel til kommuneplanen

Ei viktig oppgåve for Fylkesmannen er å formidla nasjonal areal- og miljøpolitikk og føringar på området, og sjå etter at kommunane følgjer opp dette i arealplanlegginga si. Vi viser difor innleiingsvis til heimesidene, www.fylkesmannen.no, våre for utfyllande informasjon og rettleiing om plandelen av plan- og bygningslova, om areal- og miljøpolitikken og føringane som gjeld på planområdet.

Planprogrammet for kommuneplanen skal gjere greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen, opplegg for medverknad, og avklare behovet for utgreiingar av planen sine verknader for miljø og samfunn, jf. plan- og bygningslova (tbl.) §§ 4-1 og 11-13. Vi rår til at planprogrammet for ny kommuneplan for Bømlo vert tydeleg forankra i desse føresegnene.

Plan- og bygningslova legg vekt på opne planprosessar og like moglegeheter for alle til å delta i planlegginga. I framlegget til planprogram skildrar kommunen døme på opplegg for medverknad der dei viser til at dei har utvikla sin eigen metodikk, «ruslemaking». Vi legg til grunn at dette opplegget faktisk stettar minimumskrava i lova.

Kommuneplanen skal som kjent ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver i planlegginga, jf. plan- og bygningslova (tbl.) § 11-1. Etter det vi kan sjå, er det ei rekke relevante føringar som ikkje er nemnt i planprogrammets kap. 2.

Gjennom kommuneplanens arealdel fastset kommunen rammene for bruk og vern av arealressursane i planperioden. Fylkesmannen ser ikkje at planprogrammet inneholder føringar som er i strid med nasjonale føresetnader og forventningar til arealpolitikken. Vi minner likevel om at statlege planretningslinjer skal leggjast til grunn ved planlegging etter [plan- og bygningslova](#) (tbl.) § 6-2 andre ledd.

Slik vi ser det, har kommunen definert tenlege hovudtema og problemstillingar for arbeidet med ny arealdel til kommuneplanen 2020-2035. Fylkesmannen ser vidare at arbeidet er forsøkt lagt opp i samsvar med kommuneplanens samfunnssdel, som set rammer for den samfunnsmessige utviklinga i kommunen.

Planprogrammet er elles relativt oversiktleg med mål og rammer for arbeidet, framdriftsplan, viktige omsyn, nasjonale føringar, plan for medverknad osb. Vi saknar likevel tidvis klarare strategiar for korleis ein skal nå dei ulike måla.

Sett i lys av det store talet dispensasjonssaker, vil det slik Fylkesmannen ser det, være særleg behov for merksemde på strandsoneforvaltninga ved denne rulleringa. Vi finn i den samanheng kommunen



sine føringer på området for noko vanskelege å forstå. På den eine sida skriv kommunen at dei vil legge dei statlege planretningslinjene til grunn samstundes som ein òg skriv at ein ønskjer å trekke «Bømlo nærmare sjøen». Desse to utsegne kan oppfattast som å vere i motstrid med einannan.

Vi ser òg at kommunen har behov for å skaffe fram/utarbeide ein god del grunnlagsdokumentasjon som t.d. bustadoversyn, arealrekneskap, kartlegging av funksjonell strandsone mv. for å ha eit godt faktagrundlag for planarbeidet, noko som òg går fram av planprogrammet.

Utover dette ønskjer vi òg å kome med ein del tematiske innspel til utforminga av planprogrammet og arbeidet med kommuneplanens arealdel som vi ser på som viktige i prosessen.

Samfunnstryggleik og beredskap/ROS-analyse

Kommunane skal fremje samfunnstryggleik i planlegginga si, jf. m.a. pbl. § 3-1 bokstav f, g og h. Pbl. § 4-3 stiller difor krav om utarbeiding av ROS-analyse i alle plansaker, og krav til handtering av risiko i plan. ROS-analysen skal vise risiko og sårbarheit som har verknad for spørsmålet om arealet er eigna til utbygging, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging.

[TEK17](#) definerer kva som er akseptabel risiko for flaum og skred i §§ 7-2 og 7-3. For andre typar risiko må kommunen sjølv gjere greie for kva ein reknar som akseptabel risiko. Alle risiko- og sårbarheitstilhøve skal merkast med omsynssone på plankartet. Krav til risiko- og/eller sårbarheitsreduserande tiltak skal gå fram av planføresegnene.

Vi viser m.a. til [Kommunal- og moderniseringsdepartementets rundskriv H-5/18 «Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling»](#) og [Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap sin rettleiar «Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging»](#).

Folkehelse

Alle planar skal fremje befolkninga si helse og motverke sosiale helseforskjellar, jf. pbl. § 3-1 bokstav f. [Folkehelselova](#) § 6 slår fast at ei skriftleg oversikt over helsetilstanden og dei viktigaste positive og negative påverknadsfaktorane på folkehelsa skal inngå som grunnlag for kommuneplanen. Bømlo kommune oppdaterte og reviserte «Grunnlagsdata for folkehelseoversikt» og Folkehelseoversikt og utfordringsbilete 2019-2023» hausten 2019. Såleis har kommunen eit oppdatert kunnskapsgrunnlag til bruk i dette og anna planarbeid, men òg i det kontinuerlege systematiske og målretta folkehelsearbeidet. Kommunen viser at folkehelse er ei viktig prioritering ved å legge folkehelse som førande prinsipp for all planlegging, men vi saknar ei tydelegare kopling til folkehelseutfordringane til Bømlo i arealdelen til kommuneplanen, og korleis dei blir følgt opp. Dette vil styrke det systematiske folkehelsearbeidet. Vi støttar kommunen i å synleggjere mogelege konsekvensar for folkehelsa i alle politiske saker under eige punkt. Dette kan bidra til ein breiare tankegang og forankring både administrativt og politisk.

Folkehelseoversikta viser at kommunen har utfordringar med levevanar og helseåtferd hjå barn og unge, t.d. overvekt og psykisk helse. Det er difor viktig å legge til rette for fysisk aktivitet og nærfriluftsliv i bu- og nærmiljøa. Såleis er det positivt at kommunen vil samarbeide med skular og barnehagar for å identifisere nærområda som blir nytta til friområde. Tilrettelegging for aktivitetsvennlege samfunn krev tiltak på tvers av tenester og sektorar. Vi er såleis positive til at Bømlo kommune ønskjer å følgje opp betre gang- og sykkeltilhøve i kommuneplanen.

Vidare bør omsynet til gåande, byroms- og grønstrukturar innarbeidast som viktige omsyn i arealdelen, saman med universell utforming. Og under «6.4 Utgreiingar» kjem det fram at Bømlo vil vurdere tiltak på KPA-nivå som kan forenkle tilrettelegging av friluftsområde, idretts- og



nærmiljøanlegg og grønstrukturar. Vi tilrår i den samanheng den nye handlingsplanen for fysisk aktivitet - Saman om aktive liv.

Bustadsosiale omsyn

For å skape gode lokalsamfunn for alle er det viktig at kommunen har ein tydeleg og sosial bustadpolitikk. Utvikling av gode bustader og butilhøve er viktige kommunale tiltak i kampen mot sosial ulikskap, barnefattigdom og manglande integrering av arbeidsinnvandrarar og flyktingar. Integrering bør skje både sosialt ved å skape møteplassar og fysisk ved å leggje til rette for ulike typar bustader i kommunen. Gode grønstrukturar er òg eit vesentleg punkt i denne samanhengen.

Sosial bustadutvikling og bustadsosialt arbeid som sosialt utjamnande tiltak bør forankrast i planarbeidet. Av planprogrammet går det fram at det kan bli aktuelt å utarbeide eit bustadoversyn. Fylkesmannen vil sterkt tilrå at kommunen gjer dette, da kommunen m.a. skal følgje opp bustadsosiale omsyn i planlegginga. Eit godt og korrekt faktagrunnlag er i så måte avgjerande for god og føremålstenleg planlegging.

T.d. ønskjer mange eldre å bu heime så lenge som mogeleg, og det er statleg politikk at det skal leggjast til rette for satsing på heimebaserte tenester, jf. reforma «[Leve hele livet](#)». Dette fordrar at kommunen har nok tilgjengelege bustadar til å dekke dette behovet. Bømlo er ein kommune med stor del einebustadar og liten del leilegheiter. I samband med prioritering av nye areal til bustad i planen, rår vi difor til at ein kartlegg bustadbehovet, òg i høve til samansettning av bustadtypar og storleik.

Utvikling av gode bustadar og nærmiljø er elles viktige tiltak i kampen mot einsemd, sosial ulikskap i helse, barnefattigdom og manglande integrering av arbeidsinnvandrarar og flyktingar.

Universell utforming og aldersvenlege samfunn

Vi saknar vidare omtale av, og retningsgivande formuleringar knytt til universell utforming i planprogrammet. Kommunen bør så tidleg som mogeleg vere klare på kva mål og verdiar som ligg til grunn for planarbeidet. Omsynet til universell utforming bør vere ein tydeleg del av grunnlaget for vurdering og bruk av dei ulike områda.

Leve hele livet er regjeringa si kvalitetsreform for eit meir aldersvenleg samfunn og syner behovet for livsløpsperspektiv og universell utforming i samfunnsplanlegging. Nasjonalt manglar store delar av eksisterande bygg og uteområde tilrettelegging for menneske med funksjonsnedsetting. Vi vil oppmøde Bømlo kommune om å ha målsetjingar som er høgare enn minstekravet når det gjeld universell utforming. Dette gjeld både for planlegging av private bustadar, så vel som offentlege rom.

Leve hele livet viser òg korleis ein bør skape gode, uformelle møteplassar både ute og inne. Gode grøntareal i sentrumsområde er eit døme på dette. Framtidsretta arealplanlegging bør legge til rette for møte mellom menneske og generasjonar. Det å skape eit inkluderande og levande lokalsamfunn bør vere ei gjennomgående målsetjing.

Barn og unge sitt oppvekstmiljø

Ei god overordna og heilskapleg planlegging, vil kunne medverke til at barn og unge får eit godt tenestetilbod og utsette born vil kunne få hjelp på eit tidleg tidspunkt. Dette gjeld òg møteplassar, uteareal og tilgang til grøne område nær barnehagar, skular og andre institusjonar. Dette er stader som gir gode opplevelingar og kjensler av å høyra til. Med samlokalisering av ulike offentlege og private funksjonar og aktivitetar, kan ein få til meir utvikling i eit lokalsamfunn og styrke mogelegheita til å



realisere det økonomisk. Bømlo kommune legg opp til at det skal gjennomførast vidare fortetting og utbygging i etablerte sentra, og vidare utbygging i områder avsett til spreidd bustadbygging. I samband med dette må det leggjast til rette for at born og unge aktivt kan delta og at dei vert tekne omsyn til i planlegginga.

Leikeareal og grøntområde

Kommunen må syte for tilstrekkeleg leikeareal. Kva med eksisterande grøntareal, korleis vert det nytta i dag? Dersom uregulert areal nytta til leik vert omdisponert eller utbygd, skal det erstattast. Det skal òg skaffast erstatningsareal dersom omdisponering av areal egna for leik gjer at det ikkje lenger er eigna, eller oppfyller dei krava som vert stilt til areal i retningslinjene til nærmiljøet. Omsynet til folkehelse og aktiv fritid skal vera sentralt i all planlegging og alle spørsmål om arealforvaltning.

Skular og barnehagar

I planprogrammet vert skule og barnehagekapasitet trekt fram under andre behov og vurderingar i samband med rulleringa. I arbeidet med utvikling av eit offentleg tenestetilbod bør det leggast til rette for varierte mogleheter for sosial aktivitet og leik, og nye aktivitetar, ballflater med meir. Her er det gode mogleheter for å legge til rette for fleirbruksarealflater på tvers av generasjonar med universell utforming.

Friluftsliv

Friluftsliv er viktig for trivsel og god helse. I mars 2016 vart [Meld. St. 18](#) om friluftsliv godkjent i statsråd. Hovudmålet er at befolkninga skal drive med friluftsliv jamleg. Høvet til fysiske aktivitetar i kvarldagen er viktig for alle, og nærområda er særleg viktige for barn og eldre. Å ta vare på desse interessene kan vere utfordrande, fordi dei lett kjem i konflikt med andre ønskje for dei aktuelle arealet.

For å betre kunnskapsgrunnlaget om viktige friluftslivsområde i heile kommunen, vil vi rá til at kommunen prioriterer arbeidet med kartlegging og verdsetjing av lokale friluftsområde, i tråd med metode skildra i rettleiar [M-98/2014 frå Miljødirektoratet](#). Det er òg viktig for folkehelsearbeidet å ha kunnskap om kva for område som er viktige til rekreasjon og friluftsliv.

Klima, energi og klimatilpassing

Kommunen skal i planlegginga innarbeide tiltak og verkemiddel for å redusere utslepp av klimagassar og sikre meir effektiv energibruk og meir miljøvennleg energiomlegging, jf. [«Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning»](#). Arealforvaltninga er viktig i arbeidet med å motverke verknadene av klimaendringane. Sjå særleg planretningslinjas kap. 3.4 som set krav til planprosess og godt kunnskapsgrunnlag. Kommunen må vektleggje verdien av våtmarker og andre naturområde, og må vurdere bruk av naturbaserte løysingar.

Vi viser òg til dei [Nasjonale forventningane](#) til kommunal planlegging. Der vert det peikt på at kommunane skal legge vekt på reduksjon av klimagassutslepp, energiomlegging og energieffektivisering gjennom planlegging og lokalisering av næringsverksemd, bustadar, infrastruktur og tenester.

Vi rår kommunen til å gjere seg kjent med rettleiinga på Miljødirektoratet sine nettsider, www.klimatilpasning.no, der ein finn aktuell kunnskap og informasjon om klimatilpassing. Rettleiinga er delt inn etter tema: [Klima- og energiplanlegging](#) (redusere utslepp) og [Korleis ta omsyn til klimaendringar i plan](#) (klimatilpassing).

Støy



Eit viktig mål med planlegging etter plan- og bygningslova er å unngå arealdisponeringar som fører til støykonfliktar. Kommunen må vurdere støy, både lokalt og for kringliggjande aktivitet. [T-1442/2016](#) «Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging» skal difor leggjast til grunn for kommunane sitt planarbeid.

Forureining


Det må vurderast om det er fare for forureina grunn i enkeltområde. Dette kan t.d. gjerast ved å vurdera konsekvensane av tidlegare aktivitet på staden. Registreringar av forureining ligg mellom anna på www.fylkesatlas.no, under tema «Utslepp og ureining».

Massedeponi

Kommunen vil legge til rette for deponering av massar som skal vere til nyttig bruk. Det er i den samanheng viktig at kommunen følgjer regelverket som gjeld for massehandtering.

I [Miljødirektoratet sitt faktaark – 1243/2018](#), er det klargjort at overskytande jord- og steinmassar frå samferdselsutbygging og andre anleggsarbeid normalt skal reknast som næringsavfall. Slike massar må dermed disponerast i tråd med avfallsregelverket. I faktaarket er det informasjon om kva som er meint med jord- og steinmassar som ikkje er forureina, og kva reglane i forureiningslova betyr for disponering av slike massar.

I planprogrammet bør kommunen vurdere kva grep dei kan ta for å legge til rette for handtering av overskotsmassar i tråd med avfallspyramiden, og føringar i plan- og bygningslova om klima, miljø og bruk av ressursar.



Naturmangfold og miljøutfordringar

Prinsippa i §§ 8-12 i [naturmangfoldlova](#) skal leggjast til grunn for all planlegging, òg i kommuneplanlegging. Kjent kunnskap om tilstanden til ulike artar og stammar, både på land og i sjø, skal inngå i kunnskapsgrunnlaget.

I konsekvensutgreiinga må det vurderast om kunnskapsgrunnlaget er godt nok for kvart delområde, eller om føre-var-prinsippet i § 9 i naturmangfoldlova slår inn. Vurderingar knytt til dette må synleggjera i planomtalen/konsekvensutgreiinga, sidan det vil vere eit viktig grunnlag for høyringsinstansar og andre som skal ta stilling til arealbruken. Det skal vidare vere mogeleg å etterprøve desse vurderingane for høyringsinstansar og andre. Vurderingane skal leggjast til grunn for om delområde bør leggjast inn i planen, eventuelt med avbøtande tiltak for å dempa negative verknader for naturmangfaldet. Også under samla vurdering av konsekvensane av planen er naturmangfoldlova kapittel II sentral (jf. m.a. § 10 om samla belastning).

For eventuelle område der det er grunn til å tru at eit planlagt tiltak kan ha negative konsekvensar for naturmangfaldet, må det gjerast ei grundigare vurdering etter §§ 8-12 (og ev. andre §§ i kap. I og II) for kvart delområde. Generelt er føreliggjande kunnskap godt nok på dette plannivået, men det kan vere



naudsynt å innhente ny kunnskap der det manglar data om viktige tilhøve, og grunnlaget for å fatte planvedtak difor er svakt (sjå m.a. rettleiar [T-1514 «Naturmangfoldloven kapittel II»](#)).

Dersom det er fare for negative verknadar for naturmangfaldet i eit område, bør dette som hovudregel avklarast nærmere i arbeidet med kommuneplanen og ikkje utsetjast til reguleringsplannivå. Ytterlegare rettleiing knytt til temaet finn de på heimesida vår.

For Bømlo vil vi m.a. trekke fram at miljøutfordringar i fjordsystem og vassdrag vert viktig å få belyst i overordna plan, og særleg viss areal for nye akvakulturføremål skal prioriterast i arealdelen, jf. planprogrammets pkt. 4.10.6.

Sjøområda

Generelt er naturinteresser i sjø for dårlig kartlagt. Det må vurderast om eventuelle tiltak kan føre til auka forureining på naturmiljøet i sjø, eller føra til auka fare for spreiing av sjukdom til vill anadrom fisk og andre artar. Relevant fagleg kunnskap om slike verknadar må leggjast fram.

Som nemnt, går det fram av planprogrammet, kap. 4.10.6, at det skal planleggjast for akvakultur.

Situasjonen for vill anadrom laksefisk er i dag slik at det er svært viktig at samla belastning for større område knytt til oppdrettsnæringa blir vurdert heilsakleg. Vi viser her til føringane som ligg i lakse- og innlandsfisklova §§ 1, 2 og 7 første ledd. For villaks er det vidare etablert ein nasjonal kvalitetsnorm etter naturmangfaldlova § 13 og det vert årleg utarbeidd risikovurderinger for norsk fiskeoppdrett i regi av Havforskningsinstituttet. Vi legg til grunn at desse statlege føringane og det eksisterande kunnskapsgrunnlag vert lagt til grunn i KU og for planarbeidet.

Konfliktar mellom tilgrensande arealbruksføremål bør løysast i kommuneplanen slik at alle veit kva ein har å halde seg til. Det må leggjast vekt på å planlegge område med ulik arealbruk slik at det ikkje vert konfliktar. Kommunen bør unngå å leggje område for akvakultur i sjøen nær område med bustadar og fritidsbustadar (og omvendt). Kommunen må òg vurdere kva konfliktar slike samlokaliseringar kan skape. Område for akvakultur bør ikkje leggjast i område med fiskeriinteresser, viktig naturmangfald, mykje fritidsfiske, inntil verneområde eller badestrender.

Ei eventuell vidareføring av akvakulturføremål i gjeldande areal del må vurderast opp mot eventuelle endringar i regelverk, areal- og miljøpolitikk og ny kunnskap om naturmangfald med meir.

Vi rår dessutan til å ta ut akvakulturområde som ligg inne i gjeldande plan, men som ikkje lenger er aktuelle for akvakultur.

I område for akvakultur kan ein ha føresegner om kva for artsgrupper eller artar av akvakultur som enkeltvis eller i kombinasjon kan etablerast, jf. pbl. § 11-11, nr. 7.

Vassdrag

Ved forslag til bygging langs vassdrag, vil verknader for allmenne interesser knytt til vassdraget (som naturmiljø, landskap og friluftsliv) vere eit viktig utgreiingstema. Vi viser til § 1-8 første ledd i plan- og bygningslova, og minner om at det òg i 100-metersbeltet langs vassdrag skal takast særleg omsyn til "natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser." Av § 1-8 tredje ledd går det fram at for område langs vassdrag som har verdi for natur-, kulturmiljø- og friluftsinteresser, skal kommunen etter § 11-11 nr. 5 fastsetje ei grense på inntil 100 meter der bestemte tiltak ikkje skal vere lov.



Kartlegging av kritiske punkt i bekkar og bratte vassdrag, bør elles supplerast med vurdering av vassdragsverdiar generelt, særleg ved fastsetting av byggegrense, jf. pbl. § 1-8 og vassressurslova § 11, naturmangfaldlova, §§ 1, 4, 5 og 13 og elles §§ 7 og 8-12. Vi ber òg om at føringane i lakse- og innlandsfisklova, §§ 1, 2 og 7 vert lagt som premiss for planarbeidet av vassdrag og leveområda for laksefisk og andre ferskvassorganismar.

Landbruk

Vern av jordressursane er ein føresetnad for å nå målsetjingar om mattrøggleik og auka matproduksjon. Den nasjonale jordvernstrategien har som mål at det årleg skal omdisponerast mindre enn 4000 dekar dyrka jord i Noreg fram mot 2020. Kommunane har eit klart ansvar for at det nasjonale jordvernmalet vert nådd. Vi viser elles til nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging der det går fram at kommunane bør trekke langsiktige grenser mellom by- og tettstادområde og store samanhengande LNF-område.

Vi noterer oss at kommunen har fokus på å unngå nedbygging av m.a. dyrka areal og areal med viktige naturtypar, viltområde, friluftsområde osb. Kommunen vil likevel leggje opp til LNF-spreidd utbygging i krinsane for å unngå krav om reguleringsplan. I slike høve er det viktig at ein set eit fornuftig tak på tal nybygg. Til dette vil kommunen ha stor nytte av å utarbeide eit bustadoversyn og ein bustadstrategi. Bruk av arealkategorien LNF-spreidd bør i tillegg følgjast opp med føresegner og retningslinjer som styrer ny utbygging vekk frå samanhengande areal med dyrka mark og verdifullt kulturlandskap.

Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging

I følgje «[Statlige retningslinjer for samordnet bustad-, areal- og transportplanlegging](#)» skal utbyggingsmønster og transportsystem samordnast for å oppnå effektive løysingar, slik at transportbehovet vert avgrensa og ein legg til rette for klima- og miljøvennlege løysingar.

Utbyggingsmønster og transportsystem bør fremme utviklinga av kompakte byar og tettstader, redusere transportbehovet og legge til rette for klima- og miljøvennlege transportformer. Vidare bør planlegginga bidra til å styrke sykkel og gange som transportform.

Potensialet for fortetting og transformasjon bør utnyttast før nye utbyggingsområde tas i bruk, og nye utbyggingsområde bør lokaliserast sentralt i kommunen. Utvikling av nye, større bustadområde må dessutan sjåast i samanheng med behovet for infrastruktur.

I område med lite utbyggingspress, og der lokale styresmakter vurderer det som nødvendig for å auka attraktiviteten for busetting, kan det planleggast for eit meir differensiert busettingsmønster.

Kjøpesenter

Regional plan for attraktive senter i Hordaland skal leggjast til grunn i den kommunale planlegginga, jf. pbl. § 8-2. I den samanheng viser vi m.a. til regional planføresogn 4.1 der det går fram at nytt bruksareal for detaljhandel berre er tillate i nærmere definerte senterområde. Føremålet med avgrensinga er å styrke eksisterande by- og tettstadssentre og bidra til effektiv arealbruk og miljøvennlege transportval.

Strandsona - område med mindre press

Byggeforbodet i strandsona gjeld òg i dei delane av Vestland som har «mindre press på areala», jf. pbl. § 1-8. I følgje statlege retningsliner om differensiert utbygging i strandsona er det likevel lettare for desse kommunane å vedta planar som opnar for utbygging i strandsona enn i kommunar der arealpresset er større. Fylkesmannen føreset likevel at kommunen er restriktiv med å opna for nye



byggjeområde i frå før meir eller mindre ubygde strandområde. Eventuell utbygging bør i tilfelle så langt råd er lokaliserast til område som er utbygd frå før av for å unngå bygging i urørde område og område med spesielle kvalitetar.

Eventuell utbygging skal i tillegg vurderast opp mot andre allmenne interesser. Ein bør ikkje opne for utbygging i område som har spesiell verdi for friluftsliv og allmenn ferdsel, naturkvalitetar, naturmangfold, kulturminne, kulturmiljø og landskap. Forholdet til andre interesser som fiske, landbruk, oppdrett m.m. må òg vurderast. Om ein opnar for utbygging, må omsynet til andre interesser ivaretakast best mogeleg.

Verknadene for allmenne interesser i strandsona må kome tydeleg fram i konsekvensutgreiinga, og konsekvensgraden av tiltaka må vurderast i lys av at strandsona er eit område av nasjonal interesse.

Vi minner òg om at det må fastsetjast byggjegrense langs sjøen i område der det vert opna for utbygging for at byggjeforbodet i pbl. § 1-8 skal bli oppheva, jf. kap. 4.5 i planprogrammet. Byggjegrense nærmere sjøen enn 100 meter kan berre setjast etter ei konkret vurdering av verknadene for dei allmenne interessene i strandsona. I vurderingane skal ein sjå på følgjer for landskap, naturmiljø, friluftsliv og andre allmenne interesser. Det er særleg i byggjeområde (ev. LNF-spreidd) som opnar for bygging utan reguleringskrav at det er nødvendig at ei byggjegrense vert fastsett i arealdelen.

Fritidsbustadar

Fylkesmannen minner om at fritidsbustadar skal lokaliserast og utformast med vekt på landskap, miljøverdiar, ressursbruk og estetikk, jf. [St. meld. nr. 21 \(2004-2005\)](#) og rettleiar [T-1450](#).

Av kap. 4.4 i planprogrammet går det elles fram at bygging av fritidsbustadar skal skje i felt bort frå strandsona, og med eventuelle fellesanlegg i sjø. Fylkesmannen er positiv til at kommunen ikkje opnar for å kome med innspel til nye område for fritidsbustadar til sjø.

Vidareføring av arealplanar

Når det gjeld vurdering av kva reguleringsplanar som bør reviderast, eller som kan vidareførast, viser vi til pbl. § 11-8 tredje ledd bokstav f som opnar for at gjeldande reguleringsplanar kan vidareførast uendra. Det er eit lovkrav at kommunen skal gå gjennom dei eldre planane, og vurdera om innhaldet er i samsvar med nasjonale og regionale interesser. Ein slik gjennomgang inneber ikkje noko krav om ordinær planprosess etter pbl. § 12-14. Det er i utgangspunktet tilstrekkeleg at kommunen gjer ei overordna vurdering av planane som skal vidareførast med omsynssone 910, opp mot nasjonale og regionale rammer og mål. Vi viser til nærmere informasjon på heimesida vår.

Arealreservar/tilbakeføring

Kommunen skriv i planprogrammets kap. 4.10.9 at det i tråd med ny rettleiar bør gjerast ei vurdering av om ein skilde urørte byggjeområde kan tilbakeførast til LNF. Vi tilrår sterkt at kommunen vurderer aktualiteten til avsette område som ikkje er tekne i bruk med tanke på om det kan vere aktuelt å tilbakeføre nokre av desse til LNF-føremål.

Vi saknar elles tydelege opplysningar om kva arealreservar kommunen har, og kor mange nye bustadar og fritidsbustadar som blir bygd årleg. Kommunen må vurdere behovet for eventuelle nye område utifrå eksisterande reserve i kommunen og forventa behov.

Medverknad



Alle som fremmer eit planforslag skal legge til rette for god medverknad i planprosessen, jf. pbl. § 5-1. Kommunen har eit særleg ansvar for å sikre at barn og unge og andre som treng spesiell tilrettelegging får delta i planarbeidet etter [rundskriv T-2/08](#) «Om barn og planlegging», [T-1513](#) «Barn og unge og planlegging etter plan- og bygningsloven», og [H-2302](#) «Medvirkning i planlegging».

Bømlo kommune skriv i planprogrammet at dei har utvikla sin eigen metodikk for medverknad, og at dei er opne for nye og innovative medverknadsløysingar. Fylkesmannen er positiv til dette så lenge kommunen stettar lovgjevne krav. Elles er gode nettsider ein måte å gjere planprosessen meir open og tilgjengeleg. Det er òg viktig at kommunen ikkje berre svarar på innkomne forslag. Kommunen kan planlegge samarbeid med interesseorganisasjonar for å sikre medverknad frå ulike grupper og deira pårørande. Her kan ein få viktige og erfaringsbaserte innspel på vegne av utsette grupper som det er viktig å legge til rette for i kommunal planlegging.

For å legge til rette for betre og enklare medverknad, vil vi rá kommunen til å leggje arealdelen ut digitalt ved høyring slik at plankartet blir lett tilgjengeleg, og heimelshavarar av ulike eigedomar sjølv kan leggje på flyfoto og ulike temakart, og vurdere sin eigen eigedom opp mot med den føreslegne arealbruken. I denne samanhengen viser vi òg til «Norge digital plansatsinga for 2018-2020»: <https://www.geonorge.no/globalassets/geonorge2/avtaler-og-bilag-norge-digitalt/info-nd-plan-modell-2018-2020-versjon-pr-23022018.pdf>.

Plankart

Kart- og planforskrifta set krav om at alle arealplankart skal framstillast i samsvar med gjeldande SOSI-standard og «Nasjonal produktspesifikasjon for arealplan og digitalt planregister». Vi viser til brev av 10.01.2013 til alle kommunane i fylket, frå Kartverket, Fylkesmannen og fylkeskommunen. I dette brevet vert kommunane oppmoda om å sende kommuneplanar og områdeplanar som er på offentleg høyring til Kartverket i Bergen for ein teknisk kontroll av planforslaget for å få kartet kvalitetssikra. Vi rår til å sende plankartet inn for ein slik kvalitetkontroll når det nærmar seg offentleg ettersyn/høyring.

Temakart

Utarbeiding av temakart for ulike tema kan vera eit nyttig verktøy som vil gje god oversikt over kunnskapsgrunnlaget. Det kan t.d. lagast temakart for naturmangfold, friluftsliv og rekreasjon, landskap og ureining. I eit eventuelt temakart for ureining bør også informasjon om industri og anna aktivitet som medfører støy, støv og lysureining m.m. innarbeidast. Ein del miljøinformasjon kan hentast frå nettsida www.norskeutslipp.no.

Konsekvensutgreiing (KU)

Frå 1. juli 2017 gjeld ny forskrift for konsekvensutgreiingar. Med tanke på innhaldet i konsekvensutgreiinga viser vi til kapittel 5 i forskrifta, og særleg § 18. Vi minner òg om § 21 i forskrifta, som listar opp dei ulike faktorane som kan bli påverka og få vesentlege følgjer for miljø og samfunn.

KU-forskrifta krev at planprogrammet vert utforma slik at ein kan ta stilling til om utgreiingsarbeidet er gjennomført i samsvar med planprogrammet. Opplegget for konsekvensutgreiinga for planarbeidet går fram av kapittel 6.3 i planprogrammet.

I planprogrammet for overordna arealplanar skal det mellom anna gå klart fram kva slags utgreiingar som skal gjerast både for enkeltområde og for planen samla. Verknadane av nye enkeltområde skal utgreiast, i tillegg må ein gjera greie for verknadane av føreslegne utbyggingsstrategiar og av dei samla verknadene av arealendringane i planen.



Vi konstaterer at konsekvensutgreiinga skal ta utgangspunkt i metodikken skissert i rettleiarene til miljøverndepartementet «Konsekvensutredninger – kommuneplanens arealdel». Vi vil òg nemne Statens vegvesen si handbok V712.

Natur og miljø

Vi oppmodar om at det ved vurdering av strategiar for utvikling i kommunen, og ved val og prioriteringar, generelt vert lagt vekt på miljø- og landskapsverdiar.

Landskap

Både nær- og fjernverknad for landskapet må vurderast i konsekvensutgreiinga for kvart av enkeltområda.

Vi minner òg om at det som del av konsekvensutgreiinga av arealdelen skal gjerast greie for kva tilhøve som skal utgreiast nærrare og avklarast i seinare regulering av aktuelle område (jf. KU-forskrifta § 18, fjerde ledd).

På nettsida www.miljokommune.no kan ein hente nyttige tips til planlegging.

Om ønskjeleg kan Fylkesmannen stille på møte med kommunen for tidleg å avklare vesentlege regionale og nasjonale interesser i planarbeidet for om mogeleg å unngå unødige forseinkingar i prosessen.

Vi ønskjer lykke til vidare med planarbeidet!

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Egil Hauge
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN



KYSTVERKET

Vest

Bømlo kommune
Rådhuset
5430 BREMNES

Dykker ref.: Vår ref.: Arkiv nr.: Saksbehandler: Dato:
2017/5478-7 Turid Susort Jansen 31.08.2020

FRÅSEGN - PLANPROGRAM FOR RULLERING AV KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL (KPA) BØMLO KOMMUNE - VESTLAND FYLKE

Syner til brev av 2.7.2020 vedkomne ovannemnde.

I følge planprogrammet er det trøng for gjennomgang av arealbruken særleg i strandsona, fastsetje plankrav og generell presisering og klargjering av føresegner. Planen sin avgrensing omfattar heile kommunen sitt land- og sjøareal.

Bømlo kommune har eit stort sjøareal med viktige farlei (hovud- og billeier). Desse farleiene er transportkorridorar med store mengder gods- og passasjertransport, som er viktige for samfunns- og næringsutvikling både lokalt og nasjonalt. Farleiene kryssar kommunegrensene, og det er bra at Bømlo kommune har lagt vekt på samarbeid med nabokommunane i planprosessen.

Kystverket vil minne om ny havne- og farvannslov som trådde i kraft 1.1.2020. Loven har som formål å «fremme sjøtransport som transportform og legge til rette for effektiv, sikker og miljøvennlig drift av havn og bruk av farvann, samtidig som det skal tas hensyn til et konkurransedyktig næringsliv. Loven skal ivareta nasjonale forsvars- og beredskapsinteresser».

Havne- og farvannsloven bør inngå under kap. 2.3 Andre nasjonale føringer.

Havne- og farvannsloven, gjennom *farledsforskriften*, definerer mynde etter loven. *Farledsforskriften* skiljer mellom kommunalt sjøområde og hovud- og billei. Det er kommunen (her Karmsund havn IKS) som skal handsame søknader om tiltak i kommunalt sjøområde, og Kystverket søker om tiltak i hovud- og billei. Unntak er tiltak som fell inn under § 14 tredje ledd, som alltid skal handsamast av Kystverket.

I det vidare arbeidet med arealplanen er det viktig at kommunen tar høgde for det faktiske arealet som skipstrafikken treng. Som eit minimum må farleistreka inn i plankartet. Farleistreka (raude eller blå stipla linjer) er forskriftsfesta i *Farledsforskriften* (FOR-2019-12-11-1834).

For å trygge ferdsla i sjøområda kan det verta naudsnt å etablera nye anlegg til navigasjonsinstallasjonar, og eksisterande anlegg treng fornying og vedlikehald. Vi ynskjer

Regionkontor Vest

| | | | | | |
|----------------------|--|-----------|---------------|------------|--|
| entral postadresse: | Kystverket Postboks 1502 6025 ÅLESUND | Telefon: | +47 07847 | Internett: | www.kystverket.no |
| For besøksadresse se | www.kystverket.no | Bankgiro: | 7694 05 06766 | Org.nr.: | NO 874 783 242 |

Vi ser om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

at det i kommuneplanen vert gitt ein generell aksept for etablering av anlegg til bruk av navigasjonsinstallasjonar og vedlikehald ved at det vert tatt med i føresegna til arealplanen, jf. plan- og bygningslova §1-8, fjerde ledd og §11-11 nr.4.

Vi minner og om at akvakultur ekskluderer andre føremål som farlei og ferdsel. Der akvakultur vert planlagt er det viktig at farleia vert synt med både stipla hovud- og bileier, og med faktisk naudsynt areal til skipstrafikken.

Kystverket har 3 ankringsplassar i Bømlo kommune. Desse ankringsområda er områder som er sett av til ankring av skip, og syner sjølve området som vert tatt i bruk av skip til anker. Areala omfattar ikkje naudsynt sikkerheitsavstand til ulike tiltak som for eksempel sjøleidningar eller lokalitetar til akvakultur.

Der fiskeriinteresser ligg i farvathn som og har status som hovud- eller bilei må ein ha kombinert arealføremål Farlei/Fiske.

Småbåthamn i kombinasjon med «Hamn» kan vera uheldig. Småbåthamna og fritidsbåtane kan verta påført skade frå større fartøy på grunn av manøvrering og propellvatn. Om ein planlegg småbåthamner må ein ta omsyn til nyttetrafikken.

Til orientering kan ein finne informasjon om til dømes farleier, navigasjonsinstallasjonar og ankringsplassar på Kystverket si kartteneste Kystinfo.no, og statistikk over skipstrafikken på Kystdatahuset.no.

Kommunen kan og importere farleier og navigasjonsinnretningar via Geonorge:
<https://kartkatalog.geonorge.no/metadata/kystverket/navigasjonsinstallasjoner-wms/80b7eab8-d5da-4136-8ec6-2002867a2b2b>

Kystverket har ikkje andre merknader og imøtekjem det vidare samarbeidet.

Gjer vel å ta kontakt om ein ynskjer statistikk over skipstrafikken eller andre forhold som gjeld sjøverts ferdsel.

Med helsing

Turid Susort Jansen
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent



Bømlo kommune
Rådhuset
5430 BREMNES

Dato: 07.09.2020
Vår ref: 20/02755-2
Deres ref: 2015/1538-16817/2020

Innspill til høring og offentlig ettersyn av planprogram for rullering av kommuneplanens arealdel 2020 - 2035 - Bømlo kommune

POST- OG BESØKSADRESSE
Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON +47 73 90 46 00
E-POST post@dirmin.no
WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883
SWIFT DNBANOKK
IBAN NO5376940505883
ORG.NR. NO 974 760 282
SVALBARDKONTOR
TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 30. juni 2020.

DMF er statens sentrale fagmyndighet ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar, og skal bidra til størst mogleg samla verdiskaping basert på ein forvarleg og berekraftig utvinning og foredling av mineraler. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter plan- og bygningslova.

Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å hindre at viktige førekommstar blir bandlagt av arealbruk som utelukkar framtidig utnytting.

Viktige føringer for mineralressursar i planarbeid

I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023 heiter det at Noreg har store mineralressursar som kan gi grunnlag for verdiskaping og arbeidsplassar. Regional og kommunal planlegging er eit viktig verktøy for å sikre at mineralførekommstar som kan vere aktuelle framtidige uttak er tilgjengelege, samtidig som ein tek miljø- og samfunnsomsyn.

Uttak av byggjeråstoff (pukk, grus, sand) til byggje- og anleggsføremål med korte transportavstandar og reduserte klimagassutslepp er viktig. God arealplanlegging kan medverke til det. I tillegg er det viktig å gjenvinne mineralske massar av god kvalitet som byggjeråstoff, der det er mogleg. Ei heilskapleg vurdering av massehandtering i plansamanheng kan vere eit nyttig verkemiddel for å avklare dette.

Regjerings forventningar til regional og kommunal planlegging:

- Fylkeskommunane og kommunane sikrar viktige mineralførekommstar i planane sine og veg utvinning opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Tilgangen til, og lagringa av, byggjeråstoff må sjåast i eit regionalt perspektiv.

Forvaltning av ikkje fornybare ressursar

Mineralske ressursar er ikkje-fornybare naturressursar som berre kan takast ut der dei er naturleg lokalisert. Mineralindustrien i Noreg bidreg med ei rekke mineralar som er



naudsynte for samfunnet, den skapar arbeidsplassar og gir positive ringverknader i lokalsamfunnet. Stabil og føreseieleg ressurstilgang er viktig, ikkje berre for pågåande mineralverksemd, men òg for verksemder og produksjon som er avhengig av mineralressursar som råvare. Tilgang til byggeråstoff spesielt er i mange tilfelle avgjerande for å kunne realisere planlagde utbyggingstiltak. God planlegging og synleggjering av mineralressursar, på kommunalt og regionalt nivå, bidreg til å gje mineralnæringa føreseielege rameføresetnader på kort og lang sikt.

Om planprogrammet

Bømlo kommune har utarbeidd planprogram for rullering av kommuneplanens arealdel (KPA). Føremålet med å rullere KPA er å følgje opp samfunnsdelen KPS, følgje opp nye reglar, tekniske normer og planmateriale samt generell oppdatering og løysing av utfordringar og svakheiter ved gjeldande arealdel.

I kommuneplanens samfunnsdel kap 2.8 Mineralforvaltning omtales mineralressursforvaltninga i kommunen, og at forvaltninga skal bli vidare konkretisert og målsett i strategisk næringsplan eller tilsvarande. I planprogrammet er det eige punkt på handsaming av massedeponi – og uttak (punkt 4.10.8). Mineralressursar inngår ikkje som tema for utgreiing.

Fråsegn til planprogram

DMF tiltår at kommunen gjer ei vurdering av om eksisterande plangrunnlag i tilstrekkeleg grad bidreg til å sikre god og langsiktig forvaltning av kommunen sine mineralressursar. Vidare bør det gjerast ei vurdering av om kommunen har tilgang til naudsynte mineralske ressursar for realisering av planlagt utvikling og utbygging. Dette kan gjerast ved utarbeiding av temaplanar for mineralressursar, kor lokal forvalting av ressursane inngår.

For å kunne identifisere og foreta nødvendige vurderingar av konsekvensar ved foreslått ny arealbruk i kommunen, bør mineralske ressursar og masseuttak tas inn som eige tema i konsekvensutgreiinga. Til utgreiinga tilrår DMF kommunen å bruke datasetta til Noregs geologiske undersøking (NGU) om grus og pukk¹ og mineralressursar² og DMF sitt kart³ som viser uttak, bergrettar og gamle gruver. Alle kartdata er og tilgjengelege via GeoNorge sin kartkatalog⁴.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad
seksjonsleiar

Lars Libach
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Lars Libach*

¹ NGU grus- og pukk https://geo.ngu.no/kart/grus_pukk_mobil/

² NGU mineralressurser http://geo.ngu.no/kart/mineralressurser_mobil/

³ DMF sitt kartinnsyn <https://minit.dirmin.no/kart/>

⁴ GeoNorge sin kartkatalog <https://kartkatalog.geonorge.no/>

Bømlo kommune
Att: Alf Helge Greaker
Rådhuset Leirdalen 1
5430 BREMNES

Bømlo kommune Vestland - Forslag til planprogram for rulling av kommuneplanen sin arealdel 2020-2035 - Uttale

Vi viser til brev av 30.06.2020 frå Bømlo kommune med forslag til planprogram for rulling av kommuneplanen sin arealdel 2020-2035.

Vår rolle

Fiskeridirektoratet er styresmaktene sitt rådgjevande organ innanfor fiskeri- og havbruksforvaltninga. I saker som får følgjer for desse næringane er det vårt ansvar å sikre deira interesser samstundes som vi skal sikre omsynet til det marine biologiske mangfaldet.

Om planprogrammet

Generelt meiner vi at planprogrammet er oversiktleg og godt disponert, men vi stiller spørsmål til kvifor sjømatnæringane fiske og akvakultur ikkje har ein meir sentral plass i planprogrammet. Fiske er ikkje teke med blant tema, og akvakultur er teke inn som undertema under kapittel 4.10 Generelt.

Bømlo er ein typisk kystkommune der næringsutvikling i all hovudsak har vore knyta til sjøen med fiskeri og havbruk, skipsfart og oljerelatert verksemrd. Fiskeri og havbruk (sjømatnæringane) som er blant dei viktigaste næringane for kommunen, har trong for tilgang på tilstrekkelig areal for å drive effektivt og lønsamt. I mange høve konkurrerer sjømatnæringene med andre interessar om dei same areal i kystsona, og god planlegging handlar derfor i stor grad om å ha god dialog med næringsutøvarane og andre interesser gjennom planprosessen, slik at ein kan avklare kva som er konfliktområda og arbeide for å løyse problemstillingar. Sjømatnæringane er avhengig av eit marint miljø som er i balanse for å drive innanfor eit berekraftig perspektiv, og ein må ha fokus på korleis ein kan ta best mogleg vare på det marine miljøet ved planlegging av arealbruka.

Kapittel 4 og handlar om fritidsbustadsutvikling og byggeområde for naust og småbåtanlegg. Vi gjer merksam på at tilrettelegging og utbygging av fritidsboligar og småbåtanlegg kan representer konfliktpotensial med næringsmessig bruk av sjøområde til fiske og akvakultur. Fiskeridirektoratet ser positivt på at kommunen vil prioritere felles småbåtanlegg og naustområde slik at ein unngår unødig utbygging i kystsona. Kommunen må samstundes legge vekt på at slik planlegging ikkje medfører aukande konfliktpotensial med fiske og akvakultur.

Nasjonale forventningar til planlegginga

Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging vart vedteke 14. mai 2019 og her finn vi følgande om fiskeri og havbruk;

«Noreg skal vere ein leiande havnasjon, og havbasert verdiskaping er viktig for sysselsetjing langs heile kysten. Potensialet for ytterlegare vekst er stort, og regjeringa ønsker å medverke til å realisere dette. Samtidig er kystnære sjøområde viktige for mange og til dels motstridande interesser. Det gjeld næringsverksemd, transport, førebyggings- og beredskapstiltak, forsvar, rekreasjon, friluftsliv, naturmiljø, landskap og kulturminne. Bruken av sjøareala har auka, og det er behov for betre arealplanar med eit regionalt og interkommunalt perspektiv. Regjeringa legg vekt på at det skjer ei samordning mellom myndigheter og lovverk gjennom planarbeidet. Ny kunnskap og digitale verktøy gir fylkeskommunar og kommunar eit betre grunnlag for planlegginga. Regjeringa vil leggje til rette for meir verdiskaping og fleire arbeidsplassar basert på ressursane i havet, og for føreseieleg og berekraftig vekst i oppdrettsnæringa. Regjeringa prioriterer også arbeidet for reint hav og ei lønnsam utvikling av havbruksnæringa. Fylkeskommunal og kommunal planlegging er viktig for å sikre det langsiktige arealbehovet til fiskeri- og havbruksnæringane, samtidig som andre samfunns- og miljøinteresser blir varetekne».

Fiske som føremål i arealplanen

Alt fiske i sjøen vert regulert under Havressurslova med unntak av fiske etter villaks som vert regulert under Lakselova. I planlegging etter Plan- og bygningslova er det § 11-7 nr. 6 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone som nyttast for å fastsetje arealbruk for fiske i sjøområda. "Fiske" er definert blant underføremåla i § 11-7 nr. 6 og kan enten nyttast som føremål aleine, eller i kombinasjon med ein eller fleire av dei andre arealbruksføremåla som er definert under § 11-7 nr. 6. Med heimel i § 11-11 Bestemmelser til arealformål etter § 11-7 nr. 5 og 6 er det høve til å lage eigne føresegner til bruk og vern av vassflate, vassøyle og botn der fiske kan definerast nærmere dersom det er trond for det.

På generelt grunnlag ber vi kommunen om å leggje til rette for at fiske kan gå føre seg utan at anna arealbruk kjem til hinder for dette. Fiske kan i mange høve kombinerast med annan type arealbruk, men i einskilde sjøområde kan faste installasjoner som t.d. flytebryggjer, akvakulturanlegg og fortøyningssystem kome til hinder for fiskeri.

Konfliktpotensial med anna arealbruk må derfor vurderast på bakgrunn av kva type fiske som går føre seg i området. Primært ber vi om at sjøområde som er viktige for fiskeri, og der anna arealbruk vil kome til hinder for reiskapsbruk, vert satt av med ein-kategori føremål "fiske". Typiske eksempel på slike område er viktige låssettingsplassar og sjøområde med stor verdi tilknytt fiske med aktive fiskereiskap som trål og snurrevad. Viktige område for fiskeri definerer vi som fangst- og oppbevaringsområde som vert rekna å ha stor bruksverdi for fiskeflåten utover dei som er heimehøyrande i kommunen. I sjøområda der anna arealbruk i hovudsak ikkje kjem til hinder for fiske,



kan fiske kombinerast med ein eller fleire av dei andre arealføremåla som er definert under § 11-7 nr. 6.

Akvakultur som føremål i arealplanen

Akvakulturverksem vert regulert under Akvakulturlova og eit av vilkåra som må være oppfylte ved tildeling av løyve til akvakultur, er at tiltaket ikkje er i strid med vedteke arealplanar eller vernetiltak. I Plan- og bygningslova er akvakultur definert blant føremåla under § 11-7 nr. 6 "Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone".

Akvakultur nyttast som føremål i arealplanen innanfor område kor kommunen kan tillate etablering av akvakultur. Akvakultur kan enten nyttast som føremål aleine, eller i kombinasjon med ein eller fleire av dei andre føremåla som er definert under § 11-7 nr. 6. § 11-11 nr. 3 gjev heimel for å lage føresegner til korleis akvakultur kan etablerast på overflata, i vassøyla og på botnen, og vidare har kommunen høve til å lage føresegner om kva artsgrupper eller artar av akvakultur som einskildvis eller i kombinasjon kan etablerast jf § 11-11 nr. 7.

Arealbruk på overflate, vassøyle og på botn

Akvakulturanlegg tek opp plass både i overflata, i vassøyla og på botnen. Lengda på fortøyningssystem vil avhenge av djupnetilhøve og topografi på botnen. Det er fleire eksempel på fortøyningssystem som strekk seg fleire kilometer frå anlegget i overflata, men som ein generell regel kan ein rekne at lengda på fortøyningssistema minimum vert 2 ½ gonger djupna under anlegget. Konfliktpotensial med anna arealbruk vil variere frå overflata gjennom vassøyla og ned til forankring på botnen. For utøving av fiske kan ofte fortøyningssistema og ankerfesta på sjøbotnen skape problem ved at fortøyninga og ankerfeste lagar hefte for fiskereiskap, særleg botnreiskap. Difor kan desse installasjonane representer konfliktpotensial med utøving av fiske. Etter Plan- og bygningslova med heimel i § 11-11 nr. 3, kan kommunen fastsetje reglar for differensiert arealbruk mellom overflate, vassøyle og botnen. Vi ser også § 11-11 nr. 3 som høveleg å nytte i samband med planlegging for akvakultur utan anlegg i overflata, som t.d. botnkultur.

Generelt ber vi kommunen om å sette av tilstrekkelege areal som sikrar vidare drift ved anlegg som er etablert i sjøområda. Det er viktig å avklåre den total arealbruken og kva trond det er å sette av areal på overflata, gjennom vassøyla og på botnen. Arealbruk for akvakultur skal ikkje kome til hinder for viktige fiskeriinteresser. Akvakultur er framleis ei næring i utvikling og bruk av ny teknologi og endring av rammebetingelsar, vil spele stor rolle når det gjeld næringa si trond til areal. Eit døme på dette er overgangen frå kompakte stålanlegg til plastringsanlegg som generelt krev meir plass i overflata.

Døme på føresegn for ein-kategori føremål Akvakultur:

«Innanfor føremålet kan det leggast ut akvakulturanlegg. Fortøyningar kan gå utanom, men ikkje inn i område sett av som einkategori føremål Fiske. Der fortøyningane går utanom og det er fare for konflikt med andre interesser i vassøyla, er det krav om at dei skal leggast slik at dei ikkje kjem i konflikt med båttrafikk, utøving av fiske eller anna sjørelatert verksemnd.»



Omsynet til dei marine ressursområda og arealbruk i planen

Dei naturgjevne tilhøva og marine ressursane langs kysten av Norge gjev oss eit unikt fortrinn for produksjon av sjømat. Både fiskeri- og havbruksnæringa er avhengig av at dei marine ressursane og at dei vert forvalta på ein måte som gjev grunnlag for å oppretthalde og auke produksjonen. Under "Nasjonalt program for kartlegging og overvåking av biologisk mangfold" driv Havforskingsinstituttet, NIVA og NGU kartlegging og verdiklassifisering av spesielle marine naturtypar og nøkkelområde for spesielle arter og bestandar i kystsona. Kartlegginga gjev god kunnskap om naturtypane og verdi av desse, og kan nyttast som grunnlag for forvaltninga av kystsona, som kommunal arealplanlegging. Kartlegginga skjer etter Direktoratet for naturforvaltning si handbok nr 19-2007 "Kartlegging av marint biologisk mangfold". Marine naturtypar og nøkkelområde vert delt inn i følgjande verdiklassar:

A: Svært viktig/nasjonalt viktig

B: Viktig/regionalt viktig

C: Lokalt viktig

Marint biologisk mangfold - data er tilgjengeleg i Naturbase (Miljødirektoratet), og gjennom kartverktøyet på Fiskeridirektoratet si heimeside.

- Gyte- og oppvekstområde for kysttorsk

Fiskeridirektoratet driv kartlegging av gyte- og oppvekstområde for fisk basert på intervju med lokalkjende kystfiskarar. Som del av kartlegging av marint biologisk mangfold, nytter Havforskingsinstituttet Fiskeridirektoratet sine data som grunnlag for kartlegging av gyteområde for kysttorsk. Kysttorskken er viktig for økosistema langs kysten, og er samstundes grunnlag for ein stor del av kystfiskeria. Det har vore nedgang i bestandane av kysttorsk gjennom fleire år, og situasjonen gjev framleis grunn til uro, ifølgje havforskarane.

- Ålegras

Ålegras er botnhabitat og har stor verdi som leve- og beiteområde for ei rekke artar, og er t.d. oppvekstområde for kysttorsk. Ålegraset er blant dei utvalde naturtypane i nasjonal kartlegging av biologisk mangfold, og er eit av dei biologiske kvalitetselementa i Vassforskrifta. Samstundes er ålegras ein trua naturtype fordi utbygging og tiltak i kystsona ofte kjem i konflikt med ålegrasområda.

Generelt ber vi om at arealbruken innanfor alle område der det er registrert marine naturtypar, vert grundig vurdert. Fortrinnsvis bør alle gyteområde, ålegrasenger og område der det er registrert levande marine ressursar som er klassifisert som nasjonalt eller regionalt viktige (A- og B-områda), sikrast mot tiltak som vil medføre høg grad av risiko for øydelegging/skade. Til hovudføremålet "Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone", kan "fiske" eller "naturområde" nyttast som underkategori, og kommunen kan i tillegg legge på omsynssone naturmiljø med retningsliner til desse viktige marine ressursområda.

Medverknad frå næringsinteresser fiskeri og akvakultur

Det er viktig at kommunen legg til rette for medverknad frå både fiskeri- og akvakulturnæringa gjennom heile planprosessen. Desse næringsaktørane sit med grunnleggande kunnskap om si næringsverksemd, og må få høve til å legge fram synspunkt og definere kva trong dei har for areal i dag og i framtida. Planprogram og alle



høyringsframlegg som kjem i berøring med deira interesseområde skal sendast på høyring til fiskeri- og akvakulturnæringa sine interesseorganisasjonar.

Fiskeridirektoratet si kartløysing

Data om registrerte kystnære fiskeområde, løyve til å drive akvakultur og registrert marint biologisk mangfald finns i kartløysinga på Fiskeridirektoratet si heimeside www.fiskeridir.no. Kartløysinga er open for alle og data om kystnære fiskeområde og godkjende akvakulturlokaliteter kan lastast ned til SOSI- og SHAPE-format.

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Ola Midttun
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan håndskriven underskrift.

Mottakarliste:

Bømlo kommune Rådhuset Leirdalen 1 5430 BREMNES

Kopi til:

| | | | |
|-------------------------|---------------|------|-----------|
| Fiskarlaget Vest | Slottsgaten 3 | 5003 | BERGEN |
| Fylkesmannen i Vestland | Njøsavegen 2 | 6863 | LEIKANGER |
| Kystverket Vest | Postboks 1502 | 6025 | ÅLESUND |
| Vestland fylkeskommune | Postboks 7900 | 5020 | BERGEN |





Statens vegvesen

BØMLO KOMMUNE

Rådhuset Leirdalen 1

5430 BREMNES

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Lars Ottar Sagstad / 55516434

Vår referanse:
20/122041-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
07.09.2020

Uttale til høyring – PLANPROGRAM FOR RULLERING AV KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL (KPA) BØMLO KOMMUNE

Vi viser til brev frå Bømlo kommune av 01.07.2020, med rullering av kommuneplanen sin arealplanen.

Slik vi forstår det ønskjer Bømlo kommune å fokusere på fleire hovudmål ved rullering av kommuneplan. Dei viktigaste områda dette gjeld er blant anna areal til bustad, areal til næring, senterstruktur, samt vektlegging av innbyggjarane si tilkomst til sjøområde.

Når det gjeld områder til bustad forstår vi at kommunen ønskjer å styrke bygdene og vidareutvikle sentra i kommunen. Statens vegvesen vil oppfordre til at ein lokaliserer nye bustadområde opp mot allereie planlagde eller eksisterande bustadareal. Vidare bør også slike areal leggast til områder i kommunen med skule, butikk og andre servicetilbod. Dette vil minske trøngen for transport i kvardagen i framtida. Dette vil ha ei positiv miljø gevinst. Vi ser det som naturleg at kommunen stiller krav om gang og sykkelveg fram til nærmeste skule for dei nye bustadområda, slik at spesielt born og unge kan ta seg til og frå skule og fritidsaktivitetar på en trygg måte. Krav om gang og sykkelveg vil også gje moglegheiter for å kunne reise til og frå arbeid på ein miljøvennlig måte. Nye bustadområde bør etablerast i ein distanse til eit offentleg vegnett der det er høve til på ein naturleg måte å nytte kollektiv transport.

Kommunen legg også opp til etablering av areal til næring. Vi går ut i frå at dette kan vere nye næringsareal og utviding av eksisterande. I utgangspunktet vil det vere transportmessig gunstig å vurdere utviding av eksisterande næringsområder. Eventuelle nye næringsareal bør lokaliserast i nærleik til eksisterande infrastruktur/vegnett slik at ein får ein mest mogleg effektiv og miljømessig god ferdsel. Både nye bustadareal og areal til næring skal realisera gjennom regulering, jfr PBL § 12.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Bømlo kommune er i stor grad ein kystkommune og det er soleis naturleg at kommunen vurderer tiltak for at innbyggjarane skal kunne ta i bruk sjøområda. Som ved momenta ovanfor ber vi om at kommunen legg til rette for eventuelle utvidingar av eksisterande naustområder og marinaer. Vidare er vi at den oppfatning at etablering av nye områder med tilgang til sjø, så bør ein ha ein heilskapleg innfallsvinkel slik at ein får nokre gode område i staden for mange få og fragmentere områder som kanskje ikkje vil fungere etter intensjonen.

Statens vegvesen er oppteken av at alle grupper av trafikantar skal kunne ta seg trygt og effektivt til og frå dei områda dei nyter i kvardagen. Reguleringsplanar bør soleis vere utgangspunkt for dei fleste av dei områda rulleringa av kommuneplanen gjeld. Reguleringsplan er eit godt reiskap til å få på plass gode avkjørsler, gang og sykkel, samt trygge trasear for ferdsle i kommunen. Var klare erfaring er at etablering av mange avkjørsler langs eit vegnett er ei kjelde til trafikkulukker. Vi ser det difor i staden som formålsteneleg å sanere avkjørsler, og etablere felles tilkomst til fylkesvegnettet gjennom reguleringsplanar.

I vårt arbeid med arealplanar i kommunane ser vi at i nokre tilfelle at reguleringsplanane i kommunane ikkje alltid reflekterer utfordringane og dei måla kommunen sett føre seg. Vi ber difor om at kommunen ved denne rulleringa vurderer om reguleringsplanar / områdeplanar fungerer etter intensjonen eller er til dømes utgått på dato. Ein bør då vurdere om nokre planar bør opphevast.

Både tilgang til senterstruktur, sjøområde, bustad og næringsareal vil i dei fleste tilfella krevje løyve til å kople seg på offentleg vegnett. I Bømlo har Vestland fylkeskommune ansvaret for fylkesvegnettet. Statens vegvesen legg til grunn at drøftingar og avklaringar knytt til trafikksikkerheit og framkomst på desse vegane skjer i dialog med dei aktuelle vegstyresmaktene.

Transportforvaltning Vest 3
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Lars Ottar Sagstad
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Fylkesmannen i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER
VESTLAND FYLKESKOMMUNE, Postboks 7900, 5020 BERGEN

BØMLO KOMMUNE
Rådhuset Leirdalen 1
5430 BREMNES

Endeleg fråsegn til planprogram for KPA, Bømlo kommune

Vi viser til brev datert 01.07.2020 om oppstart av arbeid med kommuneplanen sin arealdel for Bømlo kommune med planprogram. Vi har etter avtale tidligare sendt mellombels fråsegn til opphaveleg frist, dette grunna utfordringar i vårt dokumentssenter med føring av saker. Her kjem vårt endelege fråsegn. Vi beklagar ulempa, og takkar for forståinga.

Vestland fylkeskommune vurderer melding om oppstart og planprogram ut i frå fylkeskommunen sitt sektoransvar og målsettingar i regionale planar. For kommunane i gamle Sogn og Fjordane og Hordaland er regionale planar vedteke i hhv Sogn og Fjordane og Hordaland gjeldande fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland fylke. I tillegg skal fylkeskommunen vidareformidle nasjonale føringar for planlegginga.

Vurdering og innspel

Kopling mellom KPS og KPA

Gjeldande kommuneplan for Bømlo kommune vart vedteke i 2013. Kommunen ynskjer no å rullere kommuneplanens arealdel for å gjøre planen betre eigna som styringsverktøy for dei framtidige utfordringane i kommunen. Det er viktig med eit god samsvar mellom kommuneplanen sin samfunnssdel og arealdel. Samfunnssdelen blei vedteke juni 2019.

Vår fråsegn til KPS då planen var på høyring i april 2019 handla om senterstruktur, mobilitet, strandsone, maritim næring, landbruksnæring, klima og berekraft, folkehelse og inkudering, samt kulturarv. Vi skreiv at det er positivt med satsing på lokalsenter, men kommunen bør velje ut nokre senter som skal prioriterast. I kystsona er det positivt at ein vil legge inn byggjegrense i planar, og vi minna om at friluftsføremål har prioritet i strandsona utanfor sentrumsområde..

KPA skal følge opp planstrategien og føringar for ønska samfunnsutvikling som er nedfelt i KPS. 28.01.2020 var Bømlo kommune i regionalt planforum med planprogram for kommuneplanens arealdel. Her diskuterte vi etter kommunen sitt ønskje følgande tema, som er sentrale for korleis høyringsframlegget har blitt:

- Funksjonell strandsone
- Byggjegrense til sjø og bruk av sjøområda (friluft, havbruk, fiske)
- Kulturminne
- Samordne bustad-, areal- og transport
- Klimatilpassing

Rammer for planprogrammet

Planprogrammet som ligg føre inneholder dei elementa som bør være med i eit planprogram. Gjennom dokumentet gjev kommunen informasjon om dei overordna føringane, prioriterte plan tema, og kva slags behov det er for utgreiingar. Dei regionale føringane for planarbeidet er skildra i dokumentet. Vi ber om at kommunen legg vekt på god informasjon om korleis ein kan kome med innspel.

Vi minner om at det i arealdelen bør ein gjera ein vurdering av arealbruken med eit heilskapleg fokus der ein både ser på nye innspel og tidlegare vedtekne, ikkje utbygde areal. På denne måten kan ein vurdere kva areal som skal oppretthaldast, om det er naudsynt å ta ut enkelte areal, samt kvar og kor det bør tilførast nye. Bømlo kommune har lagt opp til tre grunnleggande prinsipp, «berekräftig», «helsefremjande» og «føre-var-prinsippet». Disse skal vere styrande for temaområda som skal rullerast i planarbeidet.

Vestland fylkeskommune kjem vidare med innspel som vil være relevant for det vidare planarbeidet.

Planfaglege innspel

Arealstrategiar:

Kommuneplanens samfunnsdel har arealstrategiar knytt til kvart hovudkapittel: 1 Hovudutfordringar; 2 Kystkommunen; 3 Klima; 4 Livsmeistring; 5 Inkludering; 6 Demokratiutvikling. I kapittel 7 i KPS går kommunen nærmare inn på arealstrategiar for kommunen sine lokalsenter og kommunesenter. Dette er viktig arbeid i når ein skal utforme og vedta kommuneplanens arealdel. Vi vil utfordre kommunen til å vere enda meir konkrete i strategiane sine. Di klarare strategiar, di betre verktøy blir kommuneplanen.

Friluftsliv:

På <http://www.fylkesatlas.no> finn ein oversikt over nasjonalt og regionalt viktige friluftsområde i Bømlo kommune. Tilgang til å bruke og besøke naturen er viktig for menneske i alle aldrar, og det finns mange måtar å utøve friluftsliv på. Innbyggjarar og besøkande som er ved god helse kan gå lengre turar i naturen. For å oppretthalde moglegheita for denne type friluftsliv er det viktig å verne dei store og samanhengande naturområda, og å halde desse områda så fri for inngrep som mogleg. For småbarnsfamiliar og eldre er moglegheita til nærfriluftsliv spesielt viktig, dette gjer det viktig å verne også små naturområde som ligg tett på der folk bur. Grøne korridorar og turvegar som gjer det mogleg å gå «i det grøne» på veg til barnehage, skule eller andre daglege gjeremål kan og ha spesielt stor betydning for denne innbyggargruppa.

Arealdelen bør syte for at område med verdi for friluftsliv vert teke i vare for framtida. Planen bør sette av naudsynt areal til friluftsliv. For å verne store og samanhengande friluftsområde bør ein vurdere å innføre ei grense som definerer langsiktig skilje mellom naturområde og utbygging. Dette er spesielt relevant i pressområde. I tillegg må planen sette føringar som gjer at område for nærfriluftsliv og samanhengande grøne korridorar og turvegar vert teke i vare også innanfor tettstaden og område som er lagt ut til utbygging.

- Under opprampsinga av statlege planretningsliner (kap 2.4) kunne t.d. stortingsmelding om friluftsliv, Friluftsliv – Natur som kjelde til helse og livskvalitet, vore nemnt.
- Planprogrammet har med ein del om sikring av viktige friluftsområde og satsing på friluftsliv. m.a. står det i kap. 4.7 at kommuneplanen skal vera ei satsing på friluftsliv og at kommunen må definere og kartlegge verdifulle område for friluftsliv. Kommunen vert oppmoda til å ferdigstille arbeidet med kartlegginga og legge det som del av kunnskapsgrunnlaget til ny KPA. Ei slik kartlegging bør også ligge til grunn for bustadutvikling og fritidsbustadsutvikling (Jf. Pkt. 4.3 og 4.4. i planprogrammet).
- I Kap. 6.4. Utgreiingar, er Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv eit av mange utgreiingstema. Her kunne kartlegging og verdsetting av friluftsområde jf. MD-vegleiar M98-2013 vore nemnt. Barn og unge er eit anna utgreiingstema. Her kunne barnetråkkregistrering vore

nemnt som eit aktuelt tiltak for å kartleggje kva område barn og unge brukar til ferdsel og opphold.

- I kap. 4.2 står følgande: Grøne lunger/friområde skal vera ein del av sentrums- og bustadutviklinga. Friområde må sikrast. Her kunne det med fordel vere nemnt at statleg sikring er ein aktuell moglegheit.

Folkehelse

Børnlo kommune har valt helsefremjande samfunnsplanlegging som eit av tre gjennomgåande prinsipp i kommuneplanen sin samfunnsdel. Planprogrammet viser at dette prinsippet er bra ivaretake som eit viktig reiskap for å sikre, fastlegge og framstille ulike folkehelseomsyn og interesser i kommuneplanen sin arealdel.

Det er ein styrke for arbeidet at Børnlo kommune byggjer på nytt kunnskapsgrunnlag - oversikt over helsetilstanden (fhl § 5) - frå 2019, og breie medverknadsprosessar frå befolkninga.

I arealplanlegginga er det mange ulike relevante underføremål som er viktige for folk si helse. Fleire av forslaga til silingskriterier er knytt opp til breidda av folkehelsefeltet, som sentrumsnærleik, infrastruktur, standsone, dyrka mark og kulturlandskap. Under anna - er eigna forhold for sosial inkludering - teke inn som silingskriterium. Det er bra dette er med, men her bør sannsynlegvis kommunen presisere tydlegare kva som er tenkt.

Vi saknar også litt meir merksemd på å bruke arealdelen som verkemiddel for å jamne ut sosiale helseskilnader innanfor det som er nemnd for nærleik til offentlege tenester og viktig infrastruktur, plassering av framtidige bustader med fleire. Livslaupsperspektivet bør også bli tydlegare i arealdelen. Vi saknar også meir omtale av korleis bruke arealdelen for å sikre omsyn for å fremje universell utforming og eit integrerande samfunn for alle – som fysiske hindringar, språk, syn, miljøhemming, rørsle og psykisk helse.

Også under temaa for utgreiingar viser kommunen gjennomgåande god forståing av viktige folkehelserelevante føremål.

Senter- og tettstadsutvikling, senterstruktur og handel

Regional plan for attraktive senter i Hordaland (senterplanen) gir føringar for utviklinga av stadane våre i Vestland. Kommuneplanen bør legge opp til ein arealbruk som styrkar eksisterande sentrum og knutepunkt. Dette inneber at ein bør prioritere utbyggingsområde som ligg lokalisert i og tett på eksisterande sentrum. Handel og tenester bør som hovudregel vere lokalisert til sentrum. Det same bør arbeids-plassar med mange tilsette.

Det er positivt at kommunen vil fortette i Svortland. Nye bustadområde bør lokaliserast innanfor gangavstand til sentrum, både Svortland og lokalsenter, og innanfor område som allereie er utbygd. Ein slik arealbruk er effektiv, bidreg til å verne arealressursar, og legg til rette for at innbyggjarane kan gå og sykle til sine daglege gjeremål. Ein bygger samtidig opp om grunnlaget for eit mangfaldig og godt tenestetilbod i sentrum.

Sentrum må gi rom for mjuke trafikantar, blå-grøne kvalitetar, aktive fasadar med aktivitet på bakkeplan, og gode opphaltsrom for menneske i ulike aldrar og funksjonsnivå. I KPS står det at kommunen sine senter skal utviklast med sine lokale særpreg og konsentrere med sentrums-kvalitetar som funksjonsblanding, inkludert bustader og blå-grøn struktur. Dette for å få fram kvar stad sin identitet og skilnaden mellom desse. Dette vil i ein arealplan konkretiserast, og blir eit spanande arbeid.

Børnlo kommune har definert ein senterstruktur, med Svortland som kommunesenter, og 4 andre lokalsenter. Det er viktig at også lokalsentera får definert sentrumsutstrekning, ikkje berre Svortland. Her viser vi til *Regional plan for attraktive senter*. I arbeidet med å definere sentrumsutstrekning ber vi om at det vert teke omsyn til dei lokale tilhøva på staden.

Vi minner om retningslinje 4.3 i senterplanen. Retningslinja gjev at behovet for areal til handel skal være tema i kommuneplanens arealdel. Vi minner og om retningslinje 4.4 som gjev at handel skal være tema når det vert drøfta nye bustadområde.

Etter *Regional plan for attraktive senter* skal ny detaljvarehandel i hovudsak lokaliserast i senter og innanfor sentrumsområde og handel skal dimensjonerast etter nivå i senterstrukturen. Dei regionale føreseggnene legg til rette for nytt bruksareal for detaljhandel i fylkessenter, regionsenter, kommunesenter, bydelssenter og lokalsenter definert i Regional plan for attraktive senter eller i kommuneplan. Utanfor desse sentera tillatast ny eller utvida detaljvarehandel med opptil 3.000 m² samla bruksareal lokalisert i bustadkonsentrasjonar eller i nærsenter. Intensjonen er å stimulere til handelsetablering i sentera, og samstundes legge til rette for og gi rom for daglegvarebutikkar nære der folk bur.

Føreseggnene gjer eit unntak for handel som ikkje passar inn i eit sentrum grunna storleik og varetype; ny eller utvida detaljhandel kor vareutvalet i hovudsak er bilar, båtar, landbruksmaskinar, trelast og større byggjevarer, samt utsal frå hagesenter og større planteskular.

Retningslinene set krav om handelsanalyse ved etablering av handelsverksemder med nytt eller samla bruksareal på meir enn 3.000 m². Gjennom handelsanalyse skal ein sikre at saker som gjeld ny handelsetablering blir tilstrekkeleg opplyst før ein tar ei avgjerd. Retningslinene gir ei spesifisering av kva for vurderingspunkt handelsanalysen skal innehalde. Ved at handelsetableringar blir tilpassa stadens storleik, funksjon og handelsomland vil ein kunne skape ein føreseieleg situasjon for drift av eksisterande verksemder og unngå overetablering.

Areal- og transport

Kommunane skal legge til rette for ein effektiv arealbruk i overordna kommuneplanar. Det betyr at det kommunale planarbeidet skal bidra til å redusere veksten i bilbruk og auke tal reiser med kollektivtransport, på sykkel og til fots. Regional transportplan, Regional plan for klima og energi og framlegg til Regional plan for samordna areal og transport i Bergensområdet er relevante for det vidare arbeidet med kommuneplanen.

Fortetting og transformasjon av område i byar og stadar står sentralt i ei samordna areal- og transportplanlegging. Tilrådinga er at kommunane lagar fortettingsanalysar for sine sentrumsområde. Dette er spesielt viktig fordi utbygging som tek i bruk ubebygde areal ofte vil kome i konflikt med nasjonale mål som omdisponering av dyrka mark, ivaretaking av biologisk mangfald og reduksjon av transportvekst. Fortetting av areal er også viktig i distrikt og spreidd bygde område. Dette er for å unngå auka utslepp frå transport, og samtidig ivareta landbruks-, natur-, landskapsverdiar. Mindre stadar må også legge til rette for at fleire kan gå og sykle i sentrumsområda. Vi tilrår at det vert laga ei samla oversikt over eksisterande og planlagde parkeringsplassar for å vurdere parkeringsdekninga i planområdet.

I arbeidet med arealplanen er det viktig å være strategisk i plasseringa av nye bustad- og næringsområder. Målet må være å hindre ein spreidd busetnad som fører til økt biltrafikk. Satsinga på senterområda har vore viktig i KPS, og i planprogram for KPA som no er på høyring legg opp til å bygge opp om dette prinsippet. Det er positivt og i tråd med nasjonale og regionale føringer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.

Mobilitet har vore viktig for Bømlo kommune, og i KPS har kommunen vektlagt tiltak for å støtte opp om berekraftige reisealternativ. Generelt skal mål om nullvekst i personbiltransport leggast til grunn i all arealplanlegging, og KPA er eit viktig verktøy for å nå dette. Eit ledd i arbeidet med å redusere bilreiser er å sette av areal til bustad og næring tilknytt tilbod for mjuke trafikantar og kollektivtilbod. Trafikksikre løysingar er en forutsetning for å nå nasjonale og lokale mål om fleire syklande og gåande. Det er ressurskrevjande å drive eit kollektivtilbod og etablere gang- sykkelvegar når befolkninga er spreidd over eit større område. Prinsippet om å bygge opp om etablerte sentrumsområde, kollektivtilbod og trygge gang-sykkeltrasear vil difor vere ein viktig rettesnor i utarbeidninga av KPA.

Under punkt 2.4 i planprogrammet vert det vist til Regionale føringer. Fylkeskommunen saknar at det her vert vist til Regional Transportplan. Planen er det øvste strategisk styringsdokument for

samferdselspolitikken i fylket. Vi gjer merksam på at planen er under rullering, og planprogrammet har nyleg vore på høyring.

Samferdsel

Ved å legge til rette for bustadetablering i sentrumsnære områder, vil ein redusere behovet for transport til/frå sentrum. Dette kan t.d. gjerast ved konsentrert utbygging og høgare utnytting i allereie utbygde områder. På denne måten vil det verte lettare å overføre lokal biltrafikk til sykkel eller gange.

Ved vurdering av bruk av LNF- spreidd busetnad er det viktig at det vert lagt til rette for trygge trafikale løysingar for avkjørsler. Avkjørsler skal vere i samsvar med gjeldande vegnormalar jf. handbok N100 «Veg og gateutforming». Det bør leggjast til grunn at ein nyttar eksisterande tilkomstar, og at tal på avkjørsle vert avgrensa.

I samsvar med plan og bygningslova § 11- 10 nr. 4 kan kommunen innarbeide føresegner om haldningsklassar for avkjørsler. Statens vegvesen sin «2017 - 2020 Rammeplan for avkjørsler og byggegrenser på riks- og fylkesveg i region vest» kan vere til hjelp i dette arbeidet. Me viser også til <https://www.fylkesatlas.no/Funksjonsklassar> det det er sett opp funksjonsklassar for vegnettet.

Kommunen har også høve til å legge inn byggjegrense mot offentleg veg i samsvar med plan og bygningslova § 11-9 nr. 5, og elles eventuelle aktuelle rekkefølgjekrav/andre krav knyt til veg/teknisk infrastruktur (tbl. §11-9 nr. 3 og 4). Omsynssoner i samband med vegtrafikkstøy kan også leggjast inn på plankartet i samsvar med tbl. § 11-8.

Klima

Bømlo kommune har ein ny samfunnsdel til kommunenplanen med klimamål, budsjettvedtak om klimatiltak og er i gong med miljøfyrtårnsertifisering. Frå prosjektet «Klima- det me lever av», som er innvilga støtte frå Vestland fylkeskommune si tilskotsordning, kjenner vi til at Bømlo kommune har eit eige klimaprogram på trappene og at kommunestyret har oppretta eit nytt politisk utval for å ha fokus på natur, klima og miljø. Dette viser at ein sett klimaomstilling og berekraftig utvikling høgt på dagsorden i kommunen.

Som det går fram av KPS vil mange av klimamåla til kommunen bli nådd i andre planar og strategiar, som til dømes føresegna til arealdelen og reguleringsplanar. Det vert såleis viktig i det vidare arbeidet med kommuneplanens arealdel at ein sikrar at den vert nytta aktivt for å oppnå ei heilskapleg arealdisponering som legg til grunn omsyn til eit klima i endring.

KPS koplar klima og arealforvalting og fastslår mellom anna at å redusere det daglege transportbehovet vil vere eit viktig tiltak for å nå utsleppsmål. I samband med KPA har kommunen eit handlingsrom for å redusere klimagassutslepp frå vegtrafikk ved å redusere transportbehovet gjennom eit klimavenleg utbyggingsmønster, og ved å sikre gang- og sykkelvegar på strategiske strekk, jf. *Retningsliner for planlegging – arealbruk og transport i Klimaplan for Hordaland 2014-2030*.

I vidare arbeid med føresegner, vil vi oppmøde kommunen til å legge til føresegner som stimulerer til utsleppsreduksjon og tilrettelegging for bruk av nullutsleppsalternativ og energieffektivisering, samt tar høgde for klimatilpassing.

Dette kan mellom anna skje gjennom føresegner knytt til parkering med krav om tilrettelegging for nullutsleppsbilar og infrastruktur i arealdelen. Talet elbilar aukar i Vestland fylke, og er ei utvikling kommunen kan bidra til å legge til rette for og tilpasse seg til.

Når det gjeld jordbruk som utsleppssektor, er planprogrammet tydeleg på at Bømlo skal vera ein føregangskommune når det gjeld vern av dyrka mark. Det er positivt at ein i utvikling av føresegner i arealdelen sikrar at ein unngår at det byggjast på dyrka mark eller samanhengande innmarksbeite, eller samanhengande skogsområde av super bonitet.

«Føre var-prinsippet» ligg til grunn for samfunnsutviklinga i Bømlo. Å være tilpassa eit værmönster med mykje nedbør, både intense regnskyl og større nedbørsmengder over tid, er svært viktig både for å sikre liv og helse, og for å redusere store økonomiske kostnader. Planlegging i kystnære område vert også meir krevjande der ein må ta omsyn til havnivåstigning og stormflo, jf. retningsliner for tilpassing til klimaendringar i Klimaplan Hordaland (2014-2030). Auka overvatn stiller andre krav til utbyggingsmønster, byggeskikk og utforming av uteareal og føre-var-prinsippet vert viktig i detaljutforming. Jf. NOU 2015:16 Overvann i byer og tettstader.

Naturmangfold

Arealbruk er den største truselen mot naturmangfold, og langsiktig vern og forvaltning av LNF-område bør difor sjåast som eit viktig bidrag i arbeidet med å hindre tap av naturtypar og artar. Dette arbeidet må og inkludera å vurdera behov for å verne viktige naturtypar, mellom anna strandlinje og myr. For å unngå å øydeleggje naturmangfaldet i samband med endring i arealbruken, er kommunen avhengig av å ha kunnskap om naturverdiane. Eventuelle restriksjonar på utbygging og andre aktivitetar er "tilpassa" dei ulike artane sine biotopkrav og toleransar overfor menneskelege påverknader. Det må takast eit særleg omsyn til desse førekommstane i kommuneplanen, og i nokre tilfelle vil det vere naturleg å markere desse som omsynssone (PBL § 11-8). Tek ein vare på leveområda vil ein også berge artsmangfaldet. For å redusere tap av artsmangfold vil det vere viktig at det vert sett av naturprega areal slik at artar og naturtypar kan utvikle seg naturleg.

Strandsone

Strandsona skal ivaretakast som verdifullt natur- og friluftsområde, og sikrast god tilgjenge for ålmenta. Plan- og bygningslova (PBL) gjev føringar for strandsona, og desse er utdjupa i statlege planretningsliner for differensiert forvalting av strandsona langs sjøen. For å fråvike 100-metersbeltet må kommunen setje byggjegrenser mot sjø (PBL § 1-8 tredje ledd). Ved fastsetjing av byggjegrense i 100-metersbeltet langs sjøen må strandsona si tyding for landskap, natur og friluftsliv vere vurdert og dokumentert.

Det er positivt at kommunen i sitt framlegg til planprogram for KPA vil gjennomføre kartlegging av funksjonell strandsone og på bakgrunn av denne setje byggegrense til sjø. Dette vil gje ei oversikt over kvar ein kan vurdere å opne opp for nye tiltak som samsvarer med kommuneplan, regionale retningsliner og PBL, og areal med strandsone-verdiar blir bandlagt.

Det er positivt at kommunen vil vere tilbakehaldne med å opne for nye byggeområde i strandsone i denne rulleringa, og sikre ålmenn tilgjenge til sjøen i busette strøk gjennom fellesareal. Elles gjev planframlegget at all utbygging i strandsona skal ha som grunnleggande prinsipp at det må leggjast til rette for ålmenta langs stranda. Dette er positivt, og i samsvar med *Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger*. Fritidsbustader, naustrekker og private brygger gjev privatisering, og strandsona vert eit gode for enkelte framfor eit fellesgode som styrker både folkehelse, inkludering og eit aktivt friluftsliv.

Gjeldande KPA har bydd på utfordringar i høve til å overhalde PBL og regionale retningsliner for område som i KPA er regulert til bustad eller fritidsbustad. Det er positivt at kommunen har vedteke i KPS at bygging av fritidsbustader skal skje i felt bort frå strandsona, med eventuelle felles anlegg i sjø. Fortetting i eksisterande område, og vern av ubebygde område er ein god strategi.

Behovet for næringsutvikling og arbeidsplassar kan tilleggjast vekt i vurderinga av tiltak i 100-metersbeltet. Desse omsyna må vegast opp mot omsynet til dei allmenne strandsoneinteressene.

Akvakultur

I planprogrammet skriv kommunen: «Det skal planleggjast for akvakultur, med tilstrekkelege areal både på land og i sjø for å vidareutvikle dagens næring på ein berekraftig måte. Samstundes må planen vera førebudd på at næringa sin arealtrong kan endrast i komande planperiode. Nye areal bør vera knytt til infrastruktur.»

Fylkeskommunen vurderer planprogrammet som ansvarleg mynde for tildeling av løyve og klarering av lokalitetar etter Akvakulturlova, og ansvarleg mynde med motsegsrett på vegne av akvakulturinteressene etter Plan- og bygningslova.

Marine næringar, som akvakultur, er eit prioritert satsingsområde for Vestland fylkeskommune. Vestland fylkeskommune ser det som særleg viktig at kommunen gjennom arealplanlegging legg til rette for ei berekraftig og lønnsam utvikling innafor akvakulturnæringa. Ein avgjerande faktor for å kunne utnytte næringa sitt produksjonspotensial er tilgang på egna og tilstrekkeleg areal til sjømatproduksjon.

Akvakulturnæringa er i stadig vekst og endring, og det er viktig at kommunen vurderer moglegheiter og avgrensingar framover. Det er positivt at kommunen ser trong for ein gjennomgang av sjødelen av arealplanen.

Akvakultur er framleis ei næring i utvikling og bruk av ny teknologi og endring av rammevilkår, spelar stor rolle når det gjeld næringa si trong for areal. Med denne bakgrunnen er Vestland fylkeskommune særleg positiv til at akvakultur vert ein del av dette planarbeidet.

Fylkeskommunen vil påpeike at arealplanar skal trekke opp rammene for arealbruken til akvakultur på eit overordna nivå, og at akvakulturnæringa elles vert regulert etter sektorlovgjevinga. Ein kommune skal ikkje gjennom arealplanar fastsette føresegner som gjeld typiske drifts- og næringsrelaterte forhold om for eksempel produksjonskapasitet, fiskevelferd, rømming og krav som gjeld lakselus eller andre biologiske faktorar. Dette er tilhøve som er regulert gjennom anna regelverk og kor ulike sektormynde har tilsynsansvar. Vestland fylkeskommune viser til Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin veileiar «Planlegging i sjøområdene» som blei utgitt i mai 2020.

Arealplanen bør tilpassast akvakulturnæringa sine noverande og framtidige behov. Rullering av sjødelen av planen bør gjerast i dialog med alle partar dette vedkjem, og særleg med næringa og offentlege etatar.

I den vidare planprosessen oppmodar vi kommunen om å kontakte akvakulturnæringa for å få innspel om næringa sin trong for sjøareal i framtida.

Vi viser elles til Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger som vart stadfesta i KMD i mars 2020.

Næring

Det er gjort ein god jobb med å konkretisere FN sine berekraftsmål, og det er positivt at ein av fire hovudtema er næringsutvikling. Vi støtter i tillegg kommunens fokus på å sikre tilstrekkeleg og eigna areal til næringsutvikling. Vi vonar at kommunen også tenker på areal til mogleg ny grøn næringsaktivitet.

Landbruksnæringa er avhengig av jordbruksareal for å kunne drive. Det er difor ein styrke at jordvern ser ut til å vere ein sentral premiss for utarbeiding av planen. I tillegg er det positivt at akvakultur er tematisert. Dette er ein viktig næring, både frå ein kommunal og ein regional ståstad.

Når det gjeld regionale føringer ber vi om å i tillegg sjå til regional næringsplan for Vestland, som no er i utvikling, i det vidare. Planprogram for regional næringsplan var nyleg ute til offentleg ettersyn, og mellom anna har grøn næringsutvikling eit særleg fokus her.

Kulturminne og kulturmiljø:

Kulturminne og kulturmiljø ein ikkje-fornybar ressurs som skal vernast i ein heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Både som vitskapleg kjeldemateriale og synlege element i omgjevnadane, skal desse ressursane gje varig grunnlag for nollevande og framtidige generasjonar sin kunnskap om kulturarv, sjølvforståing og identitet. Knytt til lokal samfunnsutvikling er kulturminne og kulturmiljø kjelde til trivsel, oppleveling og verdiskaping.

Planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel 2018-2048

Det er positivt at planprogrammet har eit eige punkt under hovudtema (jf. pkt. 4.9 Kulturminneplan) som spesifikt omhandlar kulturminneinteresser. Her er det rom for å vise til viktige kulturminne og kulturmiljø, og kva tiltak og tilrettelegging som kan ivareta og fremje dei rike kulturminneinteressene i kommunen. Vi er svært nögd med at Bømlo kommune har lagt ned mykje godt arbeid med sin kulturminneplan. Kulturminneplanen gir kommunen god oversikt over kulturminne og kulturmiljø, både dei som er freda og dei som er viktige lokalt. Ei god oversikt er naudsint i forvaltninga av plan- og bygningslova, og gir grunnlag for å prioritere kva kulturminne og kulturmiljø som kan framhevest i lokal samfunnsutvikling innan reiseliv, utdanning, friluftsliv, folkehelse, utvikling av attraktive tettstader og identitetsskaping i kommunen. For å kunne gjøre nytte av den ferdige kulturminneplanen og oppretthalde den som eit relevant reiskap, er det som det blir vist til i planprogrammet viktig at kulturminne og kulturmiljø også går fram i kart nytta i kommunen si arealplanlegging. Kulturminneplanen vil også vere til god hjelp i samband med konsekvensutgreiinga.

Når det gjeld konsekvensutgreiing må freda kulturminne og kulturminne frå nyare tid skildrast, og konfliktgraden mellom utbygging/tiltak på land og i sjø og kulturminne bli avklart, jf. Riksantikvaren sin rettleiar for konsekvensutgreiing: <https://brage.bibsys.no/xmlui/handle/11250/277676>). Knytt til punkt 6 i planprogrammet jf. pkt. 6.1 Kunnskapsbehov og -grunnlag), gjer vi merksam på at kulturminneplanen, Riksantikvaren sin kulturminnedatabasen «Askeladden» og SEFRAK-registeret er vesentlege kjelder for konsekvensutgreiinga og vidare planlegging av arealdisponering i kommunen.

Under punkt 4.6 Næringsutvikling, går det fram at Bømlo kommune tek sikte på legge til rette for vidare utviding av fiskerihamn og industriområde i Hovlandshagen i den nye kommuneplanen. Ein kan her allereie gjøre kommunen merksam på at evt. plan om utviding av næringsområdet vidare mot sør, vil komme i sterkt konflikt med eit særskilt viktig og samanhengande landskapsområde, der fleire titals automatisk freda steinalderbuplassar ligg bevart i uforstyrra utmark. Det sentrale grunnlaget for at Riksantikvaren i 2015 fann å kunne gje løye til frigjeving av nokre av steinalderbuplassane i samband med eksisterande utviding knytt til reguleringsplan for Bømlo fiskerihamn, var at dei resterande steinalderbuplassane vidare mot sør og deira topografiske samanheng skulle bli bevart for ettertida. Eventuelle vidare inngrep i det attverande landskapet med så store kulturminneverdiar, vil ikkje kulturminnemynde stille seg bak.

Under punkt 4.7 Landbruk- natur- og friluftsområde (LNF), blir det vist til ein praksis med å frita mindre tilretteleggingstiltak for utøving av friluftsliv i LNF-områder frå søknadsplikt, og at Bømlo kommune ønskjer å fastsetje denne praksisen i kommuneplanen. Vi gjer i denne samanheng merksam på at det også er fleire typar tiltak i LNF-områder som blir unntakse fra søknadsplikt, men er likevel regulert av særlover som mellom anna kulturminnelova. Ut frå dyrkjøpt erfaring kan det visast til fleire uheldige tilfelle der «eldsjeler» og kommunar gjennom samtykke til ulike tiltak, har blitt ansvarleg for brot på kulturminnelova ved at freda kulturminne uforvarande har blitt påført grovt skadeverk i samband med opparbeiding av turstiar og bygging av gapahukar og grillplassar etc. For å unngå at slike positive tiltak ikkje ender opp som straffesak, er det viktig at ein gjer nytte av den rettleiing/avklaring som regional kulturminnemynde kan bistå med, jf. mal for fellesføresegn knytt til kulturminneforvalting i LNF-område nedanfor.

Rettleiing for det vidare planarbeidet knytt til korleis kulturminneinteressene kan sikrast i kommuneplanen

Det er ei stor føremon at arealplankartet, føresegner og retningslinjer er ryddige slik at ein unngår konflikt med kulturminneinteressene i kommunen. Manglante eller upresise føresegner og omsynssoner som medfører at kommuneplanen ikkje varetok viktige kulturminneinteresser, eller tek høgde for undersøkingsplikta i høve til kulturminnelova og omsynet til uregistrerte kulturminne, vil vere grunnlag for motsegn frå Vestland fylkeskommune som kulturminnemynde.

Nedanfor er det presentert ein mal for presis ordlyd i naudsint føresegner for at kommuneplanen skal kunne gi grunnlag for god forvalting av kulturminneverdiene i kommunen. Dette gjeld både overordna, generelle føresegner og føresegner knytt til dei ulike omsynssonene:

Generelle føresegner

Som eit av dei grunnleggjande premissa for arealplanlegginga i kommunen, må dei juridisk bindande føresegne sikre at freda og verneverdige kulturminne ikkje blir utsett for skadelege tiltak eller utilbørleg skjemming. Ut frå vår erfaring er det mest ryddig å klargjere dette i dei generelle føresegne til kommuneplanen, uavhengig av arealføremål, ved å inkludere følgjande tekst vist i kulepunkt under:

Knytt til pbl. § 11-9, 6. om «miljøkvalitet, estetikk, natur, landskap og grønnstruktur, herunder om midlertidige og flyttbare konstruksjoner og anlegg», legg ein følgjande tekst inn som generell føresegn:

- Tiltak som vedkjem kulturminne eller omgjevnadane til kulturminne, må i størst mogleg grad få ei estetisk utforming som varetok omsynet til kulturminnet. Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det har gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv, i høve til funksjon og i høve til plassering i relasjon til kulturmiljø og naturlege omgjevnadar.

Knytt til pbl. § 11-9, 7. om «hensyn som skal tas til bevaring av eksisterende bygninger og annet kulturmiljø», legg ein følgjande tekst inn som generell føresegn:

- Verneverdige bygningar, kulturmiljø og andre kulturminne (til dømes krigsminne, teknisk-industrielle kulturminne og kulturlandskapstrekk) skal i størst mogleg grad takast vare på som opplevings- og bruksressursar og bli sett i stand».

Kulturminneforvaltinga har ikkje gjennomført arkeologiske registreringar i alle areala omfatta av kommuneplanen. Som følgje av dette må regional kulturminnemynde ta etterhald om ny arealbruk i kommuneplanens arealdel inntil tiltaka er avklart i høve til kulturminnelova (jf. kml. §§ 3, 9 og 11).

Knytt til pbl. § 11-9, 8. om «forhold som skal avklares og blyses i videre reguleringsarbeid, herunder bestemmelser om miljøoppfølging og -overvåking», legg ein følgjande tekst inn som generell føresegn:

- «Det skal dokumenterast at nye tiltak ikkje kan skade eller utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne. I byggjeområder på land og i sjø skal undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova oppfyllast i samband med utarbeiding av reguleringsplan. Der det ikkje ligg føre plankrav, skal tiltak avklarast med regional kulturminnemynde før vedtak blir fatta».
- «Det skal dokumenterast at nye tiltak ikkje kan skade eller utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne. I LNF-område der spreidd utbygging er tillate, skal tiltak avklarast med regional kulturminnemynde før vedtak blir fatta».

Når det gjeld LNF-områder, vil bygge- og anleggsverksemd vere i samsvar med arealføremålet i kommuneplanen når dei er knytt til stadbunden næring/landbruk (jf. garden som resurs). Fleire slike tiltak kan vere unntake soknadsplikt, men er likevel regulert av særlover som mellom anna kulturminnelova.

- «Det skal dokumenterast at nye tiltak ikkje kan skade eller utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne. Tiltak i LNF-område som kan vere egna til å skade automatisk freda kulturminne i strid med § 3 i kulturminnelova må avklarast med regional kulturminnemynde».

Omsynssoner

Freda kulturminne må visast på plankartet med omsynssone (d), jf. plan- og bygningslova § 11-8, d. Kulturminne som ikkje er freda kan også ha verneverdi, desse bør visast på plankartet som omsynssone (c) innanfor delplanområda, jf. pbl. § 11-8, c. Det bør utgreia korleis kommunen skal sikre verneverdige kulturminne innanfor delplanområda. Omsynssoner skal i utgangspunktet kombinerast med arealføremål som ikkje opnar for nye tiltak, som grønstruktur (pbl. § 11-7, 4.) og LNF (pbl. § 11-7, 5. a). Det må vidare knytast føresegner til omsynssone (d) og retningslinjer til

omsynssone (c), som sikrar at verneføremåla blir varetekne. Teksten kan tilpassast kvart einskild tilfelle, men sett bort ifrå kyrkjer og kyrkjegardar frå mellomalder, vil i utgangspunktet innhaldet i teksten vere følgjande:

- «Omsynssone pbl. § 11-8, d (SOSI-kode H730)
I omsynssone d er det automatisk freda kulturminne. Arealet er bandlagt etter kulturminnelova § 4, jf. § 6. Det er ikkje tillate å gjere nokon form for varige eller mellombelse inngrep som er egna til å skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, dekke til, skjule eller på nokon måte utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne, eller framkalle fare for at dette kan skje, jf. kml. § 3. Tiltak som kan ha innverknad på automatisk freda kulturminne skal leggjast fram for regional kulturminnemynde, jf. kulturminnelova §§ 3 og 8».
- «Omsynssone pbl. § 11-8, c (SOSI-kode H570)
Omsynssone c for bevaring av kulturmiljø. Nye tiltak skal ivareta omsynet til kulturminne/kulturmiljø/kulturlandskap i området. Saker som gjeld tiltak i omsynssona skal leggjast fram for regional kulturminnemynde for vurdering av kulturminneinteresser».

Når det gjeld kyrkjer og kyrkjegardar frå mellomalder vist med omsynssone (d) i plankartet, så vil ordlyden i tilhøyrande føresegner vere:

- «Omsynssone pbl. § 11-8, d (SOSI-kode H730)
I omsynssone d er det ei automatisk freda mellomalderkyrkje og mellomalderkyrkjegard. Arealet er bandlagt etter kulturminnelova § 4, jf. § 6. Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Det er ikkje tillate å gjere andre inngrep i grunnen, eller setje i gong tiltak som kan verke inn på den automatisk freda kyrkja og kyrkjegarden, med mindre det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova. Bygging nærmere kyrkja enn 60 meter er forbode etter kyrkjelova § 21, femte ledd, og planlegging av tiltak i omgjevnadane må ta omsyn til plasseringa til kyrkja og verknadane i landskapet».

Når det gjeld kyrkjegardar frå mellomalder vist med omsynssone (d) i plankartet, så vil ordlyden i tilhøyrande føresegner vere:

- «Omsynssone pbl. § 11-8, d (SOSI-kode H730)
I omsynssone d er det ein automatisk freda mellomalderkyrkjegard. Arealet er bandlagt etter kulturminnelova § 4, jf. § 6. Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Det er ikkje tillate å gjere andre inngrep i grunnen, eller setje i gong tiltak som kan verke inn på den automatisk freda kyrkjegarden, med mindre det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova».

Kyrkjer som er bygde mellom 1650 og 1850 er av Riksantikvaren listeført som verneverdig kulturminne. Ei rekke kyrkjer bygde etter 1850 er også listeført. Etter Rundskriv T-3/2000 *Forvaltning av kirke, kirkegård og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø*, skal regional kulturminnemynde handsame nye tiltak innanfor 60 meter frå kyrkja i områder med spreidd utbygging. Ut frå erfaring rår ein til at 60 meterssona kring listeførte kyrkjer blir vist med omsynssone (c) i plankartet, med følgjande ordlyd i tilhøyrande føresegn:

- «Omsynssone pbl. § 11-8, c (SOSI-kode H570)
I omsynssone c er det ei listeført kyrkje. Saker som gjeld tiltak i omsynssona skal leggjast fram for regional kulturminnemynde for vurdering av verknad på kyrkja og kyrkja sine omgjevnader».

Oppsummering

Vestland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på strandsone, senterutvikling, folkehelse, næringsutvikling, klima, areal og infrastruktur, areal og transport, samt kulturmiljø og kulturminne.

Lukke til i vidare planarbeid. Vi er tilgjengelege for diskusjon underveis i om kommunen skulle ønskje dette.

Med helsing

Eva Katrine Taule
fagleiar kommunal plan

Nina Gjester Hoel
spesialrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift

Sakshandsamarar:

Nina Gjester Hoel, Seksjon for Plan, klima og folkehelse, Stabsavdeling for strategisk utvikling
Tore Sløning, Seksjon for Kulturarv, Avdeling for kultur, idrett og inkludering
